

# Utsendingsmøte IMS 2020

I år har vi fire vedtakssaker som skal takast opp under utsendingsmøtet. Vedlagt ligg IMS-styret sitt forslag til vedtak i sakene. I tillegg er det forandring i saklista i forhold til den som vart sendt ut via IndremisjonsVenen.

## Oppdatert sakliste utsendingsmøte

1. Godkjenning innkalling og sakliste (side 1)
2. Konstituering
  - a. Val av møtedirigent og varadirigent
  - b. Val av to til å føra møteboka
  - c. Val av to til å signera møteboka
3. Orienteringar/vedtak
  - a. Brandøy (side 2-5)
  - b. Helgatunlia (side 6-8)
    - a. Orientering
    - b. Vedtak kausjon byggjelån Helgatunlia
4. Generalforsamling for IMS-Holding AS (side 9-15)
5. Årsmeldingar
  - a. IMS (side 16-21)
  - b. IMS-ung (side 22-23)
6. Rekneskap for IMS (side 24-31)
7. Forts. orienteringar
  - a. Framnes (side 32-35)
  - b. Helgatun (side 36-39)
  - c. SunnBok (side 40-49)
8. Val (side 50-51)
  - a. Formann for 1 år
  - b. 3 styremedl. for 2 år
  - c. 3 varamedl. for 2 år
  - d. Val- og fullmaktsnemnd
  - e. Revisor
9. Strategi IMS (52; 53-54)
10. Prosess saman med kretsane i ImF (side 52)
11. Lovendring IMS (side 52; 55-57)
12. Samtale om arbeidet

## Forslag til vedtak i sakene under utsendingsmøtet

### Sak 3 bb

*Banken bed om stadfesting av vedtak gjort på ekstraordinært årsmøte august 2019 no når Helgatunlia treng byggjelån for å fortsetja arbeidet. Meir info vert gitt i utsendingsmøtet. Forslag vedtak:*

Årsmøtet gjev IMS-styret fullmakt til å stilla sjølvskyldnarkausjon inntil MNOK 20 for Helgatunlia BRL sitt byggjelån på MNOK 59, samt garantiramme på MNOK 13,5.

### Sak 9 Strategi IMS

Årsmøtet godkjenner framlagd strategiplan, og IMS-leiinga tar med seg innspel i vidare arbeid. Planen vil vera eit viktig verktøy i å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid dei neste åra. Den engasjerer og ansvarleggjer tilsette, råd og styrer i IMS, og vil også vera ei rettesnor for det lokale arbeidet.

### Sak 10 Prosess saman med kretsane i ImF:

1. IMS går inn i den forpliktande prosessen saman med ImF sentralt, som vart vedteken under GF 2019. **(Vedtak frå GF 2019: Generalforsamlinga bed alle kretsar i ImF om å gå inn i ein forpliktande prosess saman med ImF sentralt, der ein dei neste åra kan arbeida saman for å finna fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur for å nå lengst mogleg med vårt misjonsoppdrag.)** I henhold til skissert plan, skal ein dei neste tre åra arbeida saman for å finna fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur, for å nå lengst mogleg med vårt misjonsoppdrag.
2. Årsmøtet gir mandat til kretsstyret til å peika ut personar til å sitja i gruppa som representerer kretsen i det skisserte læringsfellesskapet.

### Sak 11 Lovendring IMS:

Årsmøtet syner til lovendringsforslaget framlagd av IMS-styret. Forslaget inneber ein del mindre endringar, og nokre større. Dei vesentlegaste endringane er:

- frå "indremisjonsamskipnaden" og "samskipnaden" til "IMS" (heile lova)
- våre nye AS vert teken inn (§3 c)
- barnehagar vert stroken (§3 c)
- ingen utsendingar kan ha meir enn ei stemme (§ 5 a)
- medlemmer i UNG-rådet (§ 5 a)
- barne- og ungdomsråd vert stroken (§ 5 d)
- sekretær for IMS-styret (§ 6 c)
- tidlegare § 10 om "usemje" går ut

Lovendringsforslaget vert vedteken, slik det er framlagt.

## Årsmelding Brandøy Misjons- og konferansesenter AS 2019

Org. nr. 922 268 886.

Brandøy har no avslutta sitt 53. driftsår. Verksemda driv leirstad på Bjoa i Vindafjord kommune.

Leirstaden vart vigsla i august 1966, og har gjennom alle desse åra hatt stor verdi for dei mange tusen som har vore på besøk her. Nokre er innoom berre ein gong på ein leir, ei lagssamling, eit bryllaup eller i eit anna høve, medan andre er her mange gonger i året.

### **Aktivitet**

Av arrangement som Indremisjonssamskipnaden eller Brandøy sjølv har hatt ansvar for, har det vore 18 leirar. Dei andre helgene gjennom året er Brandøy leigd ut til lags- og forsamlingsweekendar, konfirmantleirar og skuleklassar – der fleire av desse kjem att år etter år. I tillegg har det vore både slektstreff, konfirmasjonar, leirskule og ei gruppe frå England.

Gjennom året har det vore 5 025 overnattingar, og 490 personar på dagsbesøk. Dette er ein liten oppgang på kring 400 personar frå 2018. Dei aller fleste helgene har vore utleigd, og talet på deltakarar pr gruppe har vore på eit høgare nivå enn i 2018.

### **Utstyr/bygningar/uteområdet**

Den største oppgraderinga i 2019 var totalrenovering av internata. Prosjektet var om lag 70% ferdig ved årsskiftet og held fram i 2020. Baderomma er rivne heilt ned og det er montert baderomsplater, lagt nye varmekablar, støypt nytt golv og lagt golvbelegg. Sjølve romma har fått ny veggmåling, nye vindauge og nytt golv. Alt av inventar, elektrisk anlegg og røyropplegg er skifta ut.

Dugnad er ein av dei viktigaste aktivitetane i året for oss. Då får me god hjelp av trufaste Brandøy-vener, og får gjort mykje. I år hadde me dugnadshelg i mai. Då fekk me gjort mykje, mellom anna målararbeid, laga hinderløype, stativ til kanoar og anna førefallande vedlikehald.

Me har òg god hjelp frå fleire støttespelarar som stiller opp som vaktmeistrar og vaskarar gjennom heile året. Dette er me særst takksame for.

### **Gåver**

Det er kome fleire flotte gåver gjennom 2019. Totalt om lag kr. 485 000,-. Dette er om lag som før, men det er særleg faste gjevarar som har kome til, noko som gjev oss forutsigbare inntekter. Lag og foreiningar har basarar gjennom året der inntekta vert gjeve til Brandøy og det er i tillegg gåver i samband med bursdagar.

Styret er glade for alle dei gåvene som kjem inn gjennom året. Dette viser ei gjevarglede og eit storsinn som varmar oss som har ansvar for plassen. Utan desse gåvene hadde det ikkje vore mogleg å gjere den renoveringa av leirstaden som me no gjer.

### **Personalet**

Tilsette har i året vore Andreas (40 %) og Annbjørg Våge (60 %) som styrarpar. Daria Holowinska (100 %) har vore fast tilsett som kokk. Kristoffer H. Pedersen (60 %) har vore vikar medan Annbjørg har vore i foreldrepermisjon på våren. Frå oktober har Elisabeth Hermansen Hamre vore vikar (80 %). I tillegg har me hatt fleire timetilsette som hjelper oss under

tilstellingar: Celine Berntsen, Hanna Landro, Anny Storvik, Bodil Stave, Hanne D. Særsten, Henriette Hetland, Janne Hystad, Kristine Bastlien, Marita Nordtun og Barbro Sælevik. Arve Erichsen har vore tilsett heile året som snekker ifm. Renoveringa (100 %).

### **Rekneskap**

2019 er fyrste år Brandøy er organisert som eit sjølvstendig aksjeselskap, eig av Indremisjonssamskipnaden Holding AS.

Rekneskapen syner eit overskot på kr. 70 433,-. I løpet av året er renoveringa av internatet og inventar ført som investering med totalt kr. 3 075 289,-. Delar av denne investeringa er lånefinansiert.

Styret meiner at rekneskapen gjev eit rett bilete av Brandøy sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Årsrekneskapen for 2019 er sett opp under føresetnad om framleis drift.

### **Arbeidsmiljø**

Styret meiner arbeidsmiljøet på Brandøy er tilfredsstillande. Det har ikkje vore større skadar eller ulukker i 2019.

### **Likestilling**

Brandøy har 5 fast tilsette, der 2 er menn og 3 er kvinner. Styret består av 4 menn og 3 kvinner. Styret har ut frå ei vurdering av talet på tilsette ikkje funne det naudsynt å iverksette spesielle tiltak med omsyn til likestillinga.

### **Ytre miljø**

Brandøy forureinar ikkje det ytre miljø. Det er i 2019 lagt til rette for lading av fleire el-bilar og det er installert sentraldriftssystem for energioptimalisering.

### **Disponering av resultat**

Verksemda har for 2019 hatt eit overskot på kr 70 433,-, som styret føreslår å legge til annan eigenkapital.

### **Takk**

Brandøystyret vil takka for alle gåver og støtte, all dugnadsinnsats som vert lagt ned, både gjennom dugnadshelger, vaktmeisterteneste og elles gjennom året. Takk til alle som bed for arbeidet på Brandøy. Det har i 2019 vore 4 styremøte og det er handsama 31 saker.

### **I styret for Brandøy Misjons- og konferansesenter**

Iren Sævik  
*formann*

Jan Ove Fagerheim  
*nestformann*

Otto Martinsen  
*styremedlem*

Ingrid Tveit  
*Styremedlem (permisjon)*

Rakel Saghaug  
*1. varamedlem*

Leiv Karsten Medhaug  
*2. varamedlem*



BRANDØY  
Misjons- og konferansesenter

Trond Stokken  
*3. varamedlem*

Guri Bjørnevik  
*IMS*

Andreas C. Våge  
*Dagleg leiar*

Annbjørg N. Våge  
*Nestleiar*

## Brandøy Misjons- og konferansesenter AS

Resultatregneskap 2019		Balanse 2019	
<b>Driftsinntekter</b>	<b>2019</b>	<b>Eigdeleer</b>	<b>2019</b>
Salsinntekter og annan inntekt	3 095 238	Tomter, bygninger, annan fast eigedom	9 276 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>3 095 238</b>	Inventar og utstyr	779 000
<b>Driftskostnader</b>		<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>10 055 000</b>
Varekostnad	748 218	<b>Fordringar</b>	
Lønskostnad	1 272 782	Kundefordringar	26 391
Avskrivning på varig driftsmiddel	302 197	Andre fordringar	121 114
Anna driftskostnad	606 050	<b>Sum fordringar</b>	<b>147 505</b>
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 929 247</b>	Andre omløpsaksjar	75 479
<b>Driftsresultat</b>	<b>165 991</b>	<b>Sum investeringar</b>	<b>75 479</b>
<b>Finanspostar</b>		Bankinnskot og kontantar	171 058
Annan renteinntekter	4 562	<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>394 042</b>
Motatt aksjeutbytte	6 235	<b>SUM EIGEDELER</b>	<b>10 449 042</b>
Annan entekostnad	106 354	<b>Eigenkapital</b>	
<b>Resultat av finanspostar</b>	<b>-95 557</b>	Aksjekapital	30 000
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>70 433</b>	Overkurs	5 871 645
		Annan eigenkapital	117 029
		<b>Sum eigenkapital</b>	<b>6 018 674</b>
		<b>Gjeld</b>	
		Gjeld til kredittinstitusjonar	3 404 166
		Øvrig langsiktig gjeld	350 000
		Leverandørgjeld	415 536
		Skyldige trekk og off. avgifter	240 450
		Annen kortsiktig gjeld	20 216
		<b>Sum gjeld</b>	<b>4 430 368</b>
		<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>10 449 042</b>

## Årsmelding fra styret 2019

### Styre og administrasjon

Helgatunlia borettslag har i kalenderåret 2019 gjennomført 19 styremøter og de mest sentrale sakene styret har arbeidet med, har vært knyttet til ansettelse av prosjektleder, valg av arkitekt, rådgivere, megler og entreprenør, samt saker knyttet til finansiering og diverse markeds- og mediearbeid. Styret har bestått av Nils Tveite (styrets leder), John Morten Espevik, Marianne Heggholmen Aarbø, Andreas C. Våge og Per Ivar Kjærgård. Prosjektleder Odd Inge Austevoll har møtt fast på styremøtene.

Styret innstilte Odd Inge Austevoll som prosjektleder for Helgatunlia borettslag og han ble ansatt av styret for Indremisjonssamskipnaden 01.02.19. Austevoll har hatt ansvaret for å lede det daglige arbeidet i selskapet. Prosjektleder har arbeidet tett med styret gjennom rapportering og presentasjon av løsninger.

### Prosjektering og grunnarbeid

Styret inngikk et samarbeid med ABO Plan & Arkitektur AS som har bistått arbeidet med utvikling av salgstegninger for leilighetsbyggene. ABO har også vært en samarbeidspartner i utvikling av tegninger for grunnarbeidet og i arbeid med godkjenninger fra Voss kommune.

Styret valgte å dele prosjektet opp i 2 ulike byggetrinn, der de tre nederste husene utgjorde trinn 1. Samtidig så styret det som viktig å gjennomføre hoveddelen av grunnarbeidet for alle 6 hus i denne perioden, med bakgrunn i riggekostnader og den risiko og de ulemper anleggsvirksomhet kunne medføre for beboere i byggetrinn 1 ved igangsetting av byggetrinn 2.

Jordalen entreprenør AS ble valgt og arbeidet startet 2. august 2019. Arbeidet ble avsluttet i henhold til fremdriftsplan og med gode HMS-rutiner ble det også avsluttet uten skader med fravær i prosjektet. På grunn av tidlig vinter er anleggsperioden kort, men målet om klargjøring av de nederste tomtene ble nådd.

Grunnarbeidet innebar utfordringer knyttet til relativt store mengder masseforflytning og styret vil takke naboen, ekteparet Vines, for godt samarbeid i forbindelse med plassering av masser på gårdsbruket deres.

Grunnarbeidet ble gjennomført godt innenfor det vedtatte budsjettet og styret vil rette en særlig takk til Jordalen entreprenør for godt samarbeid og vel utført jobb.

### Salg

Styret hadde ulike sonderingsmøter med eiendomsmeglere og valgte Kaland & Partners som sin samarbeidspartner. Kaland & Partners har lang erfaring fra salg i Myrkdalen og kjenner fritidsboligmarkedet godt.

Styret har i perioden drevet ulik profilering av prosjektet gjennom pressemeldinger, publisering på egne sosiale medier og salgsfremmende tiltak i ulike medier. Her trekker styret frem stor omtale om prosjektet i Bergens Tidende med forsideoppslag og 2 siders omtale. Det har også vært andre oppslag i ulike medier, blant annet Dagen, Hordaland og Sambaandet. Markedsarbeidet resulterte i en interessentliste som grunnlag for de første salgene. Ved utgangen av 2019 var 6 leiligheter solgt.

### Økonomi

Prosjektering og grunnarbeid er finansiert med byggelån på inntil MNOK 20 i Sparebanken Vest. Sikkerhet er primært stilt i tomten til Helgatunlia, sekundært i Helgatun Fjellpensjonat AS. Låneopptak ved utgangen av året var på ca. MNOK 16.

Styret har god dialog med bank for å sikre finansiering av den videre utbyggingen. Banken stiller krav til forhåndssalg før hvert byggetrinn.

### Takk

Styret vil takke for tilliten som misjonsfolket har gitt oss og ønsker at vi kan stå sammen i å realisere Helgatunlia for å utvikle leirplassen Helgatun videre, som en av arbeidsmåtene for å nå mennesker med evangeliet.

I styret for Helgatunlia borettslag,

Nils Tveite  
Styreleder

John Morten Espevik

Andreas C. Våge

Marianne H. Aarbø

Per Ivar Kjærgård

Odd Inge Austevoll  
Prosjektleder

# Helgatunlia burettslag

## Resultatrekneskap 2019

<b>Driftsinntekter</b>	<b>2019</b>
Salsinntekter	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>0</b>
<b>Driftskostnader</b>	
Lønskostnad	171 150
Annan driftskostnad	1 045 054
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 216 204</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-1 216 204</b>
<b>Finansposter</b>	
Annan renteinntekt	9 159
Annan rentekostnad	161 703
Annan finanskostnad	104 349
<b>Resultat av finansposter</b>	<b>-256 893</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>-1 473 097</b>

## Balanse 2019


<b>Eigeluter</b>	<b>2019</b>
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	17 097 382
<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>17 097 382</b>
<b>Fordringer</b>	
Andre kortsiktige fordringar	402 018
<b>Sum fordringar</b>	<b>402 018</b>
<b>Bankinnskott og kontantar</b>	<b>738 020</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>1 140 038</b>
<b>SUM EIGELUTER</b>	<b>18 237 419</b>
<b>Innskutt egenkapital</b>	
Andelskapital	370 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>	<b>370 000</b>
<b>Opptent egenkapital</b>	
Udekkta tap	-1 473 097
<b>Sum opptent egenkapital</b>	<b>-1 473 097</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>-1 103 097</b>
<b>Gjeld</b>	
Gjeld til kredittinstitusjonar	16 520 000
Leverandørgjeld	2 659 119
Annan kortsiktig gjeld	161 397
<b>Sum gjeld</b>	<b>19 340 516</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>18 237 419</b>

E-post: [post@helgatunlia.no](mailto:post@helgatunlia.no) • Telefon: +47 926 27 332 • [helgatunlia.no](http://helgatunlia.no)





# IMS Organisasjonskart





# **Årsregnskap 2019**

## **Indremisjonssamskipnaden Holding AS**

**Resultatregnskap  
Balanse  
Noter**

**Org.nr.: 923 842 748**

# Indremisjonssamskipnaden Holding AS

## Resultatregnskap

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	Note	<b>2019</b>
Annen driftsinntekt		0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>0</b>
Annen driftskostnad	1	0
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>0</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>0</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>		
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>0</b>
Resultat før skattekostnad		0
Skattekostnad	2	0
<b>Årsresultat</b>		<b>0</b>
<b>Overføringer</b>		
<b>Sum overføringer</b>		<b>0</b>

# Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Balanse pr. 31.12.

<b>EIENDELER</b>	Note	<b>2019</b>
<b>Anleggsmidler</b>		
<b>Finansielle anleggsmidler</b>		
Investeringer i datterselskap	3	45 838 340
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<u>45 838 340</u>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<u>45 838 340</u>
<b>Omløpsmidler</b>		
<b>Sum omløpsmidler</b>		<u>0</u>
<b>SUM EIENDELER</b>		<u>45 838 340</u>

# Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Balanse pr. 31.12.

<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>	Note	<b>2019</b>
<b>Innskutt egenkapital</b>		
Aksjekapital	4	30 000
Overkurs		45 783 340
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>45 813 340</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>		
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>0</b>
<b>Sum egenkapital</b>	5	<b>45 813 340</b>
<b>Gjeld</b>		
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Annen kortsiktig gjeld		25 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>25 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>25 000</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>45 838 340</b>

20.06.2020

Ole Bernar Innvær  
styrets leder

Marit Hårklau Ådnes  
daglig leder

John Morten Espevik  
styremedlem

# Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Noter til årsregnskap 2019

## Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og NRS 8 - God regnskapsskikk for små foretak.

Selskapet er etablert i 2019 som en del av omorganisering av Indremisjonssamskipnaden.

## Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer på leveringstidspunktet. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, som innebærer at de medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres. Kostnader som ikke kan henføres til spesielle inntekter medtas når de påløper.

## Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 22% på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode er utlignet og nettoført.

## Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av netto salgsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

## Klassifisering og vurdering av omløpsmidler

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi.

## Aksjer i datterselskap

Investeringer i datterselskap er vurdert etter kostmetoden.

Nedskrivning til antatt virkelig verdi foretas dersom aksjene er utsatt for verdinedgang som ikke er forbigående.

## Fordringer

Fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

# Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Noter til årsregnskap 2019

## Note 1 Ansatte, godtgjørelser m.v.

### Pensjonsforpliktelser

Selskapet har ikke ansatte og er ikke pliktig til å ha tjenstepensjonsordning.

### Ytelser til ledende personer

Det er ikke utbetalt noen godtgjørelse til selskapets styre.

### Revisor

Det er ikke utbetalt honorar til revisor.

## Note 2 Skatt

For 2019 foreligger det ingen aktiviteter som har generert noen skattemessige disposisjoner. Det er ingen midlertidige forskjeller mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, og som innebærer utsatt skatt eller utsatt skattefordel.

## Note 3 Investeringer i datterselskap

<u>Selskap</u>	<u>Resultat</u>	<u>Egenkapital</u>	<u>Balanseført verdi</u>	<u>Kommune</u>
Brandøy Misjons- og konferansesenter AS	70 433	6 018 674	5 926 645	Vindafjord
Framnes Eigedom AS	710 615	35 415 875	35 089 823	Stord
Helgatun Fjellpensjonat AS	491 858	5 288 731	4 821 872	Voss

Alle selskap er 100% eid.

Balanseførte verdier tilsvare datterselskapenes regnskapsmessige egenkapital da disse ble etablert i 2019. Aksjene ble anvendt som tingsinnskudd i Indremisjonssamskipnaden Holding AS da Indremisjonssamskipnaden etablerte selskapet. Kontinuitetsbetraktninger ble lagt til grunn ved de foretatte disposisjoner.

## Note 4 Aksjer og eierforhold

Aksjekapitalen er fordelt på 30 000 aksjer pålydende kr 1. Samtlige aksjer eies av Indremisjonssamskipnaden.

## Note 5 Egenkapitalendringer

	<u>Aksjekapital</u>	<u>Overkurs</u>	<u>Annen egenkapital</u>	<u>Sum egenkapital</u>
Egenkapital ved etablering	30 000	45 783 340	0	45 813 340
Årets resultat			0	0
Egenkapital pr. 31.12.2019	30 000	45 783 340	0	45 813 340

Egenkapitalen ved etablering tilsvare regnskapsmessig verdi av de aksjer som ble anvendt som tingsinnskudd, fratrukket kr 25 000 i stiftelsesomkostninger.

## Årsmelding IMS 2019

Kven er indremisjonen til for?

Dette er eit spørsmål som me alltid treng å stilla oss. Å driva indremisjon er å vera i oppdrag. Leva nær menneske slik at me med våre liv, i ord og gjerning, kan visa vegen til han som kan gi liv. I våre fellesskap skal me få ny giv og kraft til dette oppdraget. IMS ynskjer å vera medhjelpar og pådrivar i oppdraget. Formålet til IMS er å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. Me ynskjer å vera støtte for leiarar og indremisjonsarbeid på lokalplanet. Jesus elsker kvart menneske i området vårt. Hausten er stor, og me treng å utrusta fleire arbeidarar.

### Kva har me gjort?

Grovt sett kan me dela arbeidet vårt i to; egne arrangement som me driv til beste for det lokale arbeidet; leir, leiarsamlingar, Pit stop, storsamlingar m.m. Så sender me for det andre ut arbeidarar som skal tena det lokale i form av talarhjelp, lags- og styrebesøk, rådgivning m.m. I 2019 sendte IMS ut talarhjelp til 445 enkeltmøte, 19 møteveker og 29 møtehelger. Her bidrog IMS sine egne tilsette, fritidsforkynnarar og også talarar frå ImF.

Av egne arrangement har me gjennomført 18 leirar, fire arrangement på Brandøy for vaksne, samla lokalt engasjerte til forsamlingskonferanse i Norheimsund, gjennomført Sommarens Storsamling, KRAFT-helg og Pit stop, samt fleire lokale leiarsamlingar m.m. Ressursgruppetreff er treffpunkt for lokale leiarar. IMS er også engasjerte i lokale prosessar, bl.a. i NaMu, Naturleg Menighetsutvikling.

Så er det viktig å spørja kva frukter me ser av arbeidet. Mange av delmåla våre under satsingsområda er nådd. Dei er konkrete og målbare. Vanskelegare er det å seia kor mange som er vunnen for Jesus og blitt gjort til hans disiplar, jmf visjon. Me veit at unge har

tatt imot Jesus under Pit stop, og også gjennom lokalt arbeid. Så kjenner me på ansvaret for å følgja desse opp. Mange får modnast i trua og høve til å veksa som Jesu disiplar gjennom leirarbeid, lokalt arbeid, og ulike arrangement. Det gjeld både unge og vaksne. Gjennom konfirmantarbeidet vert ungdommane utrusta, og får også identitet til IMS. Mange har fått «mat» gjennom året, og har slik fått næring til trua, og blitt utfordra på misjonsoppdraget.

### Forsamlingsarbeidet

Me er glade for at stadig fleire er opptatt av korleis dei kan bygga fellesskapet på bedehuset. Fellesskapsbygging- og utvikling er viktige tema som me ynskjer å setja fokus på. I 2019 tok Gilje Indremisjon profil i NaMu, og er no i spennande prosess på korleis dei kan ta vekk hindringar for vekst. Det same er Halsnøy Indremisjon. Dei tok ny forsamlingsprofil like før jul, med oppløftande resultat. Så starta i 2019 ImF Stord og Laurhammer Indremisjon utviklingsprosess gjennom Futurum.

Me vil presisera at mange lokalt tenkjer utvikling og er brennande i sin iver etter at Guds rike skal veksa, sjølv om dei ikkje er i formell utviklingsprosess. Så veit me også at dei ulike behova i bygdene er veldig forskjellige.

I nokre bygder går det mot forsamlingar som yter fullverdig tenestetilbod til sine medlemmer. Andre stader ynskjer ein å stå tett på DnK, og vera eit supplement til denne. IMS ynskjer å støtta lokal leing i deira ynskje og deira prosessar.

### Krinsen

IMS er ei samanslutning av lokale foreiningar, forsamlingar, lag og kontaktar. Pr nyttår var det totalt 144 lag fordelte slik:

- Indremisjonsforeiningar/forsamlingar 59
- Kontaktar 14
- Kvinneforeingar 14
- Mannsforeiningar 1



- Andre lag og foreningar 1
- Kor 7
- Barnelag 33
- Ungdomslag 15

Talet er likt som for 2018, men fordelinga er litt annleis. Noko har blitt lagt ned, så har det også kome andre lag til.

#### **ARBEIDARANE 2019**

##### **Medarbeidarstab IMS:**

Marit Hårklau Ådnanes (80 %)  
 Guri Bjørnevik (80 %)  
 Johannes Olsen (100 %)  
 Lise Marie Thuestad Litlabø (50 %)  
 Kåre Johan Hamre (100 %)  
 Marit Andresen Røen (50 %)  
 Arne Lindekleiv (20 %)  
 Eirik Stensland (80 %)  
 Olav Eikemo (50 % vinter og haust)  
 Sindre Aarbø, T2-elev frå hausten 2019

##### **Tilsett lokalt:**

Knut Kvamme, Voss (60 %)  
 Ingvill Humlebrekke, Voss (mørspermisjon)  
 Olav Humlebrekke, Voss (tilsett 30 % fram til desember 2019)  
 Vidar Sangolt, Norheimsund og Øystese (46 %)  
 Ingvild Løklingsholm, Stord (100 %)  
 Hilde Kristin Hystad, Stord, frå aug. (40 %)  
 Eirik Stensland, Bømlo, frå mars (20 %)

Sjå eigne meldingar for tilsette Brandøy, Helgatun, Helgatunlia, SunnBok og Framnes.

##### **Fritidsforkynnarar:**

I arbeidet vårt er me heilt avhengige av frivillige som er med og forkynner Guds ord på møter og leir. Takk til kvar og ein for velvilje og for at du nyttar di gåve til å bringa evangeliet ut. Me håpar du vert rikt velsigna tilbake.

##### **I 2019 har desse vore ute på møte og ulike arrangement:**

Toralf Steinsland, Solveig Norheim, Jens Tveit, Ola Malvin Lomheim, Arne Lindekleiv, Knut Inge Røen, Klaus Muff, Svein Bjarne Aase, Liv Rolfsnes, Ove Tvedt, Aksel Ingvard

Johannessen, Øystein Ådland, Håkon C. Hartvedt, Jorunn Eikemo, Reidar Brevik, Grethe Myhre, Ingebrigt S. Sørfonn, Ingvild Løklingsholm, Ove-Kjell Sakseid, Svein Helge Torsteinsbø.

##### **Frå ImF-samanheng:**

Erik Furnes, Gunnar Ferstad, Håkon Garvo, Marit Stokken Berland, Kenneth Foss, Per Gunstein Nes, Andreas Evensen, Roald Evensen, Tor Ingvald Lauvrak, Runar Landro, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Otto Dyrkolbotn, Ragnar Ringvoll (ImF Sør), Harald Tjervåg, Martin Augestad.

#### **ARRANGEMENT**

##### **Sommarens Storsamling,**

##### **Stord 21.-23. juni**

Sjølv om det lokale arbeidet er berekrafta i arbeidet, er større samlingar som Sommarens Storsamling viktig møtestad for å bli inspirert, samtala om arbeidet, møta vener frå andre bygder, og også gi identitet.

Lokal komite hadde lagt ned eit stort arbeid med å tilretteleggja for eit godt arrangement. Fredag kveld var det Sommarkveld med ulike songkrefter som deltok, både frå Stord og nabobygder. Eit team frå Fitjar leia i allsong og også solosong. I tillegg deltok Nils Horn laurdag kveld og Sunnhordlandsmusikken søndag. Sunnhordlandsmusikken feira dette året 30-års jubileum, så det vart også ei markering rundt dette. Jarle Haugland var hovudtalar, og Ingvild Løklingsholm tala laurdag kveld. Tema for helga var «forventning».

Utsendingsmøtet samla 88 utsendingar. Utanom vanlege årsmøtesaker, vart det info om Helgatunlia og gruppearbeid omkring spørsmålet: «Kva treng de lokalt hjelp til av IMS og ImF for å vera livskraftige?» Her var mykje nyttig samtale i elleve grupper, som me også har fått inn skriftleg. Det var dessutan bevisstgjerung på fast givarteneste. Under utsendingsmøtet fekk me også glimt frå lokalt arbeid; pensjonistsatsing på Laurhammer,

«Ein god dag» Norheimsund og Bøne- og fasteveke Stord.

### **Forsamlingskonferanse**

Nærare 70 personar fekk med seg Forsamlingskonferansen i Norheimsund 9. mars. Johannes Olsen, Knut Kvamme og Marit Hårklau Ådnanes underviste, i tillegg til at me dette året hadde utvida konferansen med lokale innslag. Mange opplevde det nyttig å sjå korleis andre gjer ting i sine bygder. Takk også til lokale song- og musikkrefter, og til Norheimsund Indremisjon som tar praktisk ansvar slik at me får denne konferansen til.

### **Evangelisering Tysnesfest**

Pit stop – Gratis kaffi og vaflar, eit varmt vitnemål, tid for samtale om viktige spørsmål. Slik står det i programfaldaren for Tysnesfest om evangeliseringstiltaket vener på Tysnes gjennomfører i juli. IMS bidrar økonomisk til arbeidarar frå OAC (Open Air Campaigners), og stiller evt med arbeidarar sjølv. I år var Eirik Stensland med nokre kveldar. Forbigåande går forbi bedehuset på veg til festivalområdet. Her er det sett opp partytelt. Fleire nyttar høvet til ein god prat, også om tru, og forsyner seg med kaffi og vaflar.

### **Brandøyhelg 24.-25. august**

Ramma rundt Brandøyhelga var fullkomen; strålende sol, smakfull mat, yrande liv og godt fellesskap. Me starta laurdagen med seminar av Svein Helge Bergfjord Torsteinsbø, etterfulgt av festmiddag der rundt 100 personar deltok. Morten Samuelsen runda kvelden av med salmekonsert. Mange nytta høvet til å overnatta på Brandøy til dagen derpå.

Søndag var det festmøte der Ragnar Ringvoll tala, samtidig som det var speedleir for barn i aktivitetshallen. Etter lapskaus, pølser, hoppeslott, zip-line, kiosk og kaker var det familiemøte der Marit Andresen Røen heldt andakt.

### **KRAFT-helg, Leirvik, 27.-29. september**

Sidan den tradisjonelle haustmøtehelga har endra ein del innhald, vart heile helga kalla KRAFT-helg. Den starta med Go`fredag; ein kveld som inneheld både latter og alvor, der god mat og nært fellesskap er i fokus. Roar Flacké heldt tale omkring temaet «Å sjå slik Gud ser!». Håkon Tolås og Eva Lise Helland, bidrog rikt, både musikalsk, åndeleg og også med humor. Heimelaga supper stod på menyen, samt kake- og dessertbord.

Dagtid laurdag var det teneste- og leiarkonferanse, der lokalt engasjerte fylte Leirvik bedehus. Dagen var delt inn i fellessesjonar, nettverk, glimt til inspirasjon og valfri «fokustid». Mange deltok gjennom dagen av eigne tilsette, lokale leiingar og fleire frivillige. Kjekt var det også at UKS-bandet leia oss i allsong. Andreas Evensen og Thomas Rake bidrog utanfor eigen krets. Det var dessverre ein del færre deltakarar i 2019 enn 2018. Me trur helga vert litt for intens med alt som skjer. Så er det hektisk start på året, og ImF sin eigen leiarkonferanse kjem tett på. Konferansen vert difor neste gong skilt ut frå «haustmøtehelga», og den kjem først vinteren 2021.

Noko av undervisninga for dagen finn du på nettsida vår: [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no) .

Laurdag kveld var det «Vi møtest» der Andreas Evensen heldt tale. Sara og Torbjørn Brosvik var kveldens gjester. Kjerstin Handeland Stokken og Ole Andre Stokken song solo og leia allsong. Søndagen vart det arrangert fleire lokale møter.

### **Viktige arrangement elles:**

Damehelg Brandøy 8.-10. februar  
Brandøytreff 22.-24. februar  
Vårtreff Brandøy, 29. april – 2. mai  
Kvinnehelg Brandøy 6.-8. september  
Også på Helgatun har det blitt arrangert damehelg, Pusterom m.m., men desse er Helgatun sine eigne arrangement.

## Ressursgrupper

To gonger i semesteret møttest lokale leiarar til ressursgruppetreff for erfaringsutveksling og refleksjon omkring arbeidet. Dagleg leiar i IMS leier samlingane, og ei gruppe består av 4-8 personar. Det er tre slike grupper; ei i Hardanger og to i Sunnhordland. Alle lokale leiarar i hovudforeining skal i si tid ha fått invitasjon til slik gruppe. Vennligst ta kontakt med IMS-kontoret om du ynskjer å vera med i ei slik gruppe.

## Julemesser Tysnes og Bremnes

I tillegg til at julemessene gir oss gode inntekter til arbeidet, betyr dei mykje for menneskene som samlast, både åndeleg og sosialt.

Tusen takk til de som står på år etter år, og engasjerer dykk i dette arbeidet. Kr 80.000,- vart sendt IMS etter julemessa på Tysnes 23. november.

Både på Tysnes og Bremnes er messene no redusert til ein dag. Sjølv om det er noko loddsal på butikk i forkant, er det imponerande kor mykje pengar som vert samla inn på ein dag. Etter julemessa på Bremnes 30. november er det sendt kr 143.442,- til IMS.

Me vil også nemna at det er fleire andre bygder som arrangerer basar til inntekt for IMS. Mykje arbeid vert lagt ned i dette arbeidet, og det vert samla inn kjærkomne pengar til IMS. Tusen takk!

## Ekstraordinært årsmøte 8. august

Då Helgatonlia Brl skulle ta opp lån for å starta grunnarbeidet, viste det seg at banken kravde ekstraordinært årsmøte der det vart gjort vedtak om at IMS stilte kausjon for bygge- og konverteringslånet.

38 utsendingar hadde møtt fram til det ekstraordinære årsmøtet som vart halde 8. august på Leirvik bedehus. Eit einstemmig årsmøte vedtok å stilla kausjon for bygge- og konverteringslånet etter ferdigstilling på kr 20.000.000,- i Sparebanken Vest.

## GF 2019

Under leiarkonferansen 8.-10. november, gjennomførte ImF også generalforsamling. Det var fleire utsendingar frå IMS, både blant tilsette, styremedlemmer og lokalt. Her vart det mellom anna vedtatt følgjande:

*Generalforsamlinga bed alle krinsar i ImF om å gå inn i ein forpliktande prosess saman med ImF sentralt, der ein dei neste tre åra kan arbeide saman for å finne fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur for å nå lengst mogleg med vårt misjonsoppdrag.*

## MEDIA

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no) og Facebook.

I skrivande stund har Facebook-sida 1091 likarar. Dette er eit nyttig verktøy om me raskt vil ha ut beskjedar, invitera til ulike arrangement m.m.

I 2019 fekk me ny nettside. Påmeldingar til leir og ulike arrangement skjer direkte via påmeldingsskjema på nettsida vår. Nettsida er også enkel kanal til informasjonsspreiing, og her har me høve til å nå ut til mange.

## IndremisjonVenen

Bladet er viktig i kontakten med misjonsfolket. Kretsbladet vårt har i dag ca 3.400 abonnentar, og kom i 2019 ut med fem nummer i året. Her finn du glimt frå arbeidet, aktuelle tema vert tatt opp, oversikt over arrangement, reiserute for arbeidarane, andakt med meir. Gjennom året får abonnentane tilsendt fire gåvegiroar. Bladet er gratis, men det er høve til å gi ei bladgåve. Ei stor takk til Jan-Ove Fagerheim som har ansvaret for layout på bladet.

## FRAMNES, BRANDØY OG HELGATUN,

Me er svært stolte og takknemlege for det store arbeidet som vert drive på Framnes, Brandøy og Helgaton. Dei er viktig reiskap i arbeidet med å fremja Guds rike. Mange me ikkje når gjennom lags- og foreiningsarbeid, kan nåast nettopp gjennom leir og arrangement på Brandøy og Helgaton, eller gjennom skuledrifta på Framnes. Tusen takk til personalet med leiing på desse stadane som

gjer ein enorm innsats, og som legg så godt til rette for alle som har opphald her.

Me viser til eigne årsmeldingar og rekneskap for desse avdelingane.

### **SUNNBOK**

Me anbefalar misjonsfolket til å nytta seg av vår eigen butikk i Leirvik sentrum. Her finn du mykje god kristen oppbyggeleg litteratur, samt gåveartiklar og musikkinstrument. Takk til tilsette og styret for stor kreativitet og engasjement til beste for butikken. Dagleg leiar er Silje Fyllingen, og formann i 2019 var Rune Kvilhaugsvik.

### **HELGATUNLIA**

Året 2019 har vore eit svært aktivt år for Helgatunlia der mykje skulle klargjerast for grunnarbeid, sal av leiligheiter, anbudsrunde m.m. Ovanfor Helgatun skal det byggast 74 leiligheter i seks bygg, som både skal gi Helgatun fleire tiltrengte sengeplassar, og også genera pengar til fjellpensjonatet. Stor takk til dagleg leiar Odd Inge Austevoll og styre med Nils Tveite i spissen for engasjement i tenesta, kreative løysingar og mykje stå-på-vilje.

Me viser til eiga årsmelding og rekneskap.

### **PLUSSREISER**

IMS har aksjar i Plussreiser, med andel 2 %. Svein Bjarne Aase er vår representant i styret. Plussreiser, tidlegare SI-reiser, er i tillegg til oppsette turar, også konkurransedyktige både på bestillingsreiser, og har fleire avtalar med hotell, busselskap m.m. Sjekk gjerne ut [www.plussreiser.no](http://www.plussreiser.no).

### **ØKONOMIEN**

Det vart dessverre eit stort driftsunderskot i 2019 på heile kr 721.711,-. Driftsinntekter har gått ned med kr 518.118,-. Av denne reduksjonen utgjer lagsgåver kr 78.448,-, fast givarteneste kr 177.282,- og samla beløp gåveaksjonar kr 41.051,-. Lønnskostnader har

gått opp med kr 163.888,-. Samtidig har driftskostnader gått ned med kr 17.034,-.

Me har hatt eit bedehussal i 2019 på kr 50.000,-. Noko som bl.a. bidrar til at sum resultat til slutt endar på kr 716.711,-.

Me ynskjer heile tida å ha eit vake auge på økonomien. Kor kan me kutta utgifter og kor kan det vera meir inntekter å henta? Me har ikkje råderett over kva tid og kor mykje lagsgåver som kjem inn. Det er med og gjer økonomien ustabil, og gjer det også vanskeleg å planlegga. Nokre lag, foreiningar og forsamlingar har starta fast givarteneste til IMS, noko me er svært takknemlege for.

Uansett stoda no, har me lyst å retta takk til enkeltpersonar, lag, foreiningar og forsamlingar som støttar IMS økonomisk. Det er de som held arbeidet oppe, og som også bestemmer engasjementet til IMS.

### **Fast givarteneste**

Under årsmøtehelga hadde me aksjon for å få fleire faste givarar. Det var svært oppmuntrande at det denne helga var 35 personar som enten verva seg som nye givarar, eller auka beløpet på givartenesta si. På grunn av omlegging til nytt datasystem i ImF, vert nok auken i fast givarteneste mest synleg i 2020. Framleis har me fokus på å få fleire faste givarar, og har tru for at dette er vegen å gå for å trygga økonomien til IMS. I dag har IMS ... faste givarar.

### **EIGE HUSSTYRE FOR IMS-BYGGET**

Desse er med i husstyret for IMS: Svein Bjarne Aase (leiar), Arne Lindekleiv (sekretær), Oskar Emil Langeland, Dag Myhre og John Morten Espevik. Styret skal ha ansvar for dagleg tilsyn og vedlikehald av egedommen. I 2019 kjøpte IMS «Venterommet» av Stord kommune. IMS hadde forkjøpsretten til dette rommet. Det er ein stor fordel å ikkje ha for mange eigarar inne i det komplekse bygget som IMS-huset/Grand er.

## LÆRE- OG TILSYNSRÅD

Rådet har i 2019 bestått av formann i IMS; Ole Bernar Innvær, Knut Kvamme og Olav Eikemo. Dagleg leiar har møte- og talerett. Lære- og tilsynsrådet var samla til eitt møte i 2019.

## IMS-STYRET

**Fram til årsmøtet i 2019 var styret samansett slik:**

Ole Bernar Innvær - formann

Liv Ingunn Heie Medhaug - nestformann

John Morten Espevik, Brit Gjerde Voster, Bjørn Saghaug, Bernt Arild Gjøvåg, Olaug Fagerheim – styremedlemer,

Marte Kvilhaugsvik – 1. vara, Oddvar Martin Torget – 2. vara, Åse Farestveit – 3. vara.

**Etter årsmøtet 2019 var samansetjinga slik:**

Ole Bernar Innvær - formann

Liv Ingunn Heie Medhaug - nestformann

John Morten Espevik, Mirjam Eide Gravdal, Bernt Arild Gjøvåg, Olaug Fagerheim, Oddvar Martin Torget – styremedlemer,

Linda Aase – 1. vara, Bjørn Saghaug – 2. vara, Randi Eiken Brekke – 3. vara.

Styret har hatt 6 styremøte og handsama 69 saker. Mellom anna har styret handsama økonomi- og budsjettarbeid, givarteneste, Helgatunlia, tilsetjingar, IMS-huset og kjøp av venterommet, endring av lover, større møter, satsingsområde til IMS og samtala om arbeidet. Styret har jamleg fått orientering om arbeidet på Brandøy, Helgatun, Helgatunlia, Framnes og SunnBok.

Styret har hatt eit styremøte på Helgatun der me møtte Helgatunstyret og styret for Helgatunlia, eit på Brandøy der me også møtte Brandøystyret, og eit på Framnes der me møtte avdelingsleiarane og formann.

## TAKK!

Å vera engasjert i IMS er både spennande og meningsfullt. Av og til også utfordrande, ja. Den største gleda er engasjement frå alle misjonsvener. Takk for alle handtrykk, oppmuntringar, gåver og bøner. Mange stiller

opp som frivillige, både på leir, som talarar, praktisk ved engasjement, i styreverv m.m. Å stå saman gir stor glede. Det gir også stor glede å koma rundt i bygdene, og sjå kjærleiken de har til menneske rundt dykk. De er verdas håp!

Så takkar me for engasjerte, trufaste og kreative tilsette. På ulikt vis er de med i det store misjonsoppdraget. Det gjeld tilsette i forkynnarverksemd, barne- og ungdomsarbeidarane, tilsette på kontoret, på lokale bedehus, tilsette ved Framnes, Brandøy, Helgatun, Helgatunlia og SunnBok. Saman vil me bygga varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar.

Ole Bernar Innvær, formann

Liv Ingunn Heie Medhaug, nestformann

Olaug Fagerheim

Bernt Arild Gjøvåg

Mirjam Eide Gravdal

John Morten Espevik

Oddvar Martin Torget

Linda Aase, 1. vara

Marit Hårklau Ådnanes, dagleg leiar

# Årsmelding for IMS Ung 2019

## Tilsette

Johannes Olsen  
Ung-leiar 60 %  
Satsingsområde 40 %

Eirik Stensland  
Ungdomsarbeider 80%

Lise Marie Thuestad Litlabø  
Barne- og familiarbeidar, 50 %

Sindre Aarbø  
T2 elev frå 01.08.19

Sjølv om mange av dei tilsette gjorde oppgåvene for fyrste gong dette året, har det vore eit år med litt meir ro og stabilitet. Eirik har kome inn med god kompetanse og pågangsmot på både digitale ting, dokument og rutinar. I tillegg har han god erfaring og bibelkunnskap å ta med inn i planlegging og diskusjonar på kontoret. Hausten 2019 begynte Sindre som T2 elev. Det er kjekt å ha ein ungdom på kontoret som kan sjå ting frå ei anna side. I tillegg har Sindre bidratt positivt i både lags og leiararbeidet. Lise Marie har teke seg av lagsbesøk. Ho er flink til å halde kontakten med alle, og ta dei lange køyreturane. Alt i alt er me eit team som har fungert godt dette året.

## Lagsarbeidet

Ved utgangen av 2019 hadde me 54 (mot 53 i 2018) barne- og ungdomslag, fordelte slik:

15 ungdomslag  
33 barnelag  
6 barne- og ungdomskor

Det er ein liten auke i lagsarbeidet totalt sett. Nokre lag er lagt ned, så er det også fleire nystarta lag. Det gler oss å sjå at nye barn og unge blir nådd på nye måtar dette året. Me har og hatt gode samtalar med lagsleiarar, som gjer at me trur på ein oppsving i både kvalitet og kvantitet på lagsarbeidet. Det er den staden me best kan nå barn og unge med evangeliet.

## Leir

2019	2018	2017
18 Leirar	19 leirar	20 leirar
746 deltakarar	779 deltakarar	950 deltakarar
110 leiarverk	144 leiarverk	169 leiarverk

Sjølv om det framleis går litt ned med deltakinga på leir, ser me at kurva begynner å flate ut. Og sidan både Brandøy og Helgatun pussar opp ein del, reknar me med at me klarar å snu trenden i løpet av eit år eller to. Det er mykje positivt som skjer på leir. Me ser at fleire tek gode steg saman med Jesus, og at fleire får høyrte evangeliet. Samstundes er me avhengige av at barn og unge har eit fellesskap lokalt som følger dei opp.

### - Leirleiarar

Me har mange gode leiarar på leir. Det er mange som ofrar mykje for at leiren skal bli bra. Grunnen til at det er litt færre leiarverk, er delvis at det har vore mindre behov, og delvis at me ikkje har fått tak i nok folk. Me er uansett takksame for alle som er med som leirleiarar. Det er ein viktig jobb. Me trur at dei som er med som leirleiarar, får ein endå betre relasjon med barn og unge lokalt. Hovudsakleg til dei som er frå same plassen. Men dei kan og ta med tips til nye leikar og forkynning, som kan auke kvaliteten på det lokale arbeidet.

### - Forbedarar

Me er avhengige av at folk er med å be for leirane. Me treng å gå i Guds leiing og kraft. I tillegg vandrar ofte evangeliet på bønner. Me held framleis på å utvikle forbønnsystemet, og vonar at fleire har lyst til å vere med i denne tenesta.

## ConTeenNew konfirmantarbeid

Etter nokre år med prøving og utvikling kan me no seie at konfirmantopplegget har kome inn i mange gode spor. Både når det gjeld undervisning, turar, pris og antal deltakarar. Hausten 2019 var det 10 påmeldte til konfirmantopplegget. Eirik Stensland har hatt ansvar for desse ungdommane. Han har òg utvikla opplegget og rutine slik at det skal vere greitt for fleire å gjennomføre undervisninga.

## Sommarens storsamling, Stord

Dette årsmøte hadde me barnemøtene sjølv. Det fungerte bra, og det var mange som kom med gode tilbakemeldingar. I tillegg prøvde me på eit nytt opplegg for familiar under utsendingsmøte. Det var ikkje så mange som var der, men det var veldig kjekt for dei som var tilstades. Me laga til ein stad der barna kunne leike med hoppeslott, skateboard og andre ting, mens foreldra kunne snakke saman og grille. Me satsar på at fleire kjem på dette neste gong, slik at me

kan knytte relasjonar mellom dei ulike bygdene i kretsen.

## **Pit Stop**

Det tradisjonelle ungdomsarbeidet i haustferien er framleis populært blant ungdommen. I år hadde me fått med oss Tor Ingvald Lauvrak i tillegg til vår eigen Eirik Stensland. Temaet var «nærare», og me opplevde fleire som kom nærare Jesus. Både med nådegaver, bekjennelse, og ta i mot Jesus. Link frå Nordhordland bidrog positivt med både lovsong og god stemning i myldretida.

## **BUR**

Me har ikkje fått opp ein ny måte å erstatte BUR på i 2019. Sjølv om me ikkje har eit formelt BUR, så får me gode innspel frå mange som vil IMS og Ung-avdelinga vel. Det sett me pris på. Og så har me eit mål om å få dette på plass i løpet av 2020.

## **Glede og utfordringar**

Det er mange gleder å hente ut frå denne årsmeldinga. Me ser at fleire nye lag startar opp, og at nedgangen i leirarbeidet flatar ut. Og me ser at utviklingsarbeidet som me har sett i gang begynner å gje små frukter. I tillegg har med god og utfyllande kompetanse i avdelinga, som gjer at me kan få til mykje forskjellig. Utfordringa framover, blir å utvikle eit Ung-arbeid som gagnar alle bygder, og som er noko alle kan stå saman om å få til. Då kan me gjere fleire disiplar og nå nye generasjonar med evangeliet.

«For eg skammar meg ikkje over evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar.»

Johannes Olsen – Ung-leiar i IMS



# **Årsrekneskap 2019**

## **Indremisjonssamskipnaden**

**Resultatrekneskap  
Balanse  
Notar**

**Org.nr.: 971 356 022**



# Indremisjonssamskipnaden

## Resultatrekneskap

<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>	NOTER	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Gåver, tilskot m.m.		4 168 286	4 578 916
Leigeinntekter eigedom		234 200	189 786
Annan driftsinntekt		544 890	696 791
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>4 947 375</b>	<b>5 465 493</b>
Lønskostnader m.m.	1	3 236 849	3 072 961
Avskrivning på driftsmidler	2	122 025	42 000
Annan driftskostnad	1	2 365 221	2 626 164
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>5 724 095</b>	<b>5 741 126</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-776 720</b>	<b>-275 633</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Renteinntekt		23 899	47 840
Annan finansinntekt		600	6 186
Rentekostnad		13 970	116
<b>Resultat av finanspostar</b>		<b>10 529</b>	<b>53 910</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-766 190</b>	<b>-221 723</b>
Skattekostnad	3	5 521	2 444
<b>EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER</b>			
Sal av bedehus		50 000	0
<b>Årsresultat</b>		<b>-721 711</b>	<b>-224 167</b>
<b>OVERFØRINGER</b>			
Overføring frå annan eige kapital		721 711	224 167
<b>Sum overføringar</b>		<b>-721 711</b>	<b>-224 167</b>

## Indremisjonssamskipnaden

Balanse pr. 31. desember

EIGEDELAR	NOTER	2019	2018
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Eigedom	2	1 588 000	1 197 000
Inventar og utstyr	2	100	100
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>1 588 100</b>	<b>1 197 100</b>
<b>Finansielle driftsmidler</b>			
Aksjar i dotterselskap	4	45 838 340	0
Aksjar i tilknyttede selskap	5	122 500	122 500
Aksjar i andre selskap	6	36 500	36 500
Lån til Brandøy Misjons- og konferansesenter AS	7	350 000	400 000
Lån til Helgatun Fjellpensjonat AS	7	2 200 000	2 350 000
<b>Sum finansielle driftsmidler</b>		<b>48 547 340</b>	<b>2 909 000</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>50 135 440</b>	<b>4 106 100</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	8	594 256	370 225
Andre fordringar	8	299 474	254 857
<b>Sum fordringar</b>		<b>893 730</b>	<b>625 083</b>
<b>Investeringar</b>			
Andelar i Helgatunlia Borettslag	9	370 000	0
<b>Sum investeringar</b>		<b>370 000</b>	<b>0</b>
Bankinnskott, kontanter o.l.	10	2 781 482	4 079 511
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>4 045 212</b>	<b>4 704 594</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>54 180 652</b>	<b>8 810 694</b>

## Indremisjonssamskipnaden

Balanse pr. 31. desember

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTER	2019	2018
<b>Eigenkapital</b>			
Fri eigenkapital		52 476 084	7 359 455
Evangeliseringsfond		291 088	291 088
<b>Sum eigenkapital</b>	11	<b>52 767 172</b>	<b>7 650 543</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		81 432	176 416
Betalbar skatt	3	5 000	3 192
Skuldige trekk og offentlige avgifter		401 250	392 663
Påløpt ferieløn		550 178	536 979
Anna kortsiktig gjeld		375 620	50 900
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>1 413 480</b>	<b>1 160 150</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 413 480</b>	<b>1 160 150</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>54 180 652</b>	<b>8 810 694</b>

20.06.2020

Ole Bernar Innvær  
styreleiar

Liv Ingunn Heie Medhaug  
nestleiar

Marit Hårklau Ådnanes  
dagleg leiar

John Morten Espevik  
styremedlem

Bernt Arild Gjøvåg  
styremedlem

Olaug Synnøve Fagerheim  
styremedlem

Mirjam Eide Gravdal  
styremedlem

Oddvar Martin Torget  
styremedlem

## Indremisjonssamskipnaden

### Notar til årsrekneskap 2019

#### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og NRS 8, God regnskapsskikk for små foretak.

#### Generelle reglar for registrering av inntekter og kostnader

Gåver og liknande vert inntektsført når dei er mottekne. Leigeinntekter vert inntektsført i den periode leiga gjeld for. Kostnader vert tekne med etter samanstillingsprinsippet, som inneber at dei verd med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsført. Kostnader som ikkje kan henførast til særskilt inntekt, vert kostnadsført når dei er pådregne.

#### Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad. Varige driftsmidlar blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan attvinnast, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

#### Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

#### Aksjar

Investeringar i aksjar er vurdert etter kostmetoden.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

**Indremisjonssamskipnaden**  
Notar til årsrekneskap 2019

**Note 1 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor**

<u>Lønskostnader</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>
Løningar (netto etter refusjonar m.m.)	2 750 450	2 624 473
Arbeidsgjevaravgift	77 546	75 685
Pensjonskostnader	331 685	262 358
Andre ytingar	77 168	110 446
Sum	3 236 849	3 072 961
Årsverk	11,5	11,5
<u>Dagleg leiar</u>		
Løn	457 437	460 856
Anna godtgjersle	9 201	8 357
<u>Styret</u>	0	0
<u>Revisor</u>		
Revisjon	47 000	34 500
Andre tenester	33 700	17 900

Pensjonsforpliktingar

IMS er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Det er oppretta pensjonsordningar som tilfredsstiller krava i lova.

**Note 2 Anleggsmiddel**

	Eigedom	Inventar/utstyr	Sum
Innkjøpskostnad pr. 01.01.19	2 026 900	27 113	2 054 012
+ Tilgang kjøpte anleggsmiddel	513 025		513 025
<b>= Innkjøpskostnad 31.12.19</b>	<b>2 539 925</b>	<b>27 113</b>	<b>2 567 037</b>
Akkumulerte avskrivningar 31.12.19	951 925	27 013	978 937
<b>= Bokført verdi 31.12.19</b>	<b>1 588 000</b>	<b>100</b>	<b>1 588 100</b>
Ordinære avskrivningar dette året	122 025		122 025
Økonomisk levetid	25-48 år	4 år	

## Indremisjonssamskipnaden

### Notar til årsrekneskap 2019

#### Note 3 Skattemessige tilhøve

IMS sin utleige av eigedom er skattepliktig verksemd. Av netto overskot betalar ein 22% skatt. I tillegg betalar ein 0,15% formuesskatt av nettoformue knytta til den skattepliktige verksemda.

#### Note 4 Aksjar i dotterselskap

Indremisjonssamskipnaden eig samtlige aksjar i Indremisjonssamskipnaden Holding AS.

Tal frå selskapet sitt rekneskap for 2019:

Årsresultat	0
Eigenkapital	45 813 340

Balanseført verdi er lik bokført verdi av tingsinnskot som vart brukt til å stifte dotterselskapet. Tingsinnskotet var aksjar i Brandøy Misjons- og konferansesenter AS, Framnes Eigedom AS og Helgatun Fjellpensjonat AS.

#### Note 5 Aksjar i tilknytt selskap

Indremisjonssamskipnaden eig 50% av aksjane i SunnBok AS.

Tal frå selskapet sitt rekneskap for 2019:

Årsresultat	-106 893
Eigenkapital	309 121

Aksjane er oppført til kostpris.

#### Note 6 Andre aksjar

Øvrige aksjar utgjer mindre postar i ymse selskap.

#### Note 7 Lån til konsernselskap

Låna er delvis renteberekna.

## Indremisjonssamskipnaden

### Notar til årsrekneskap 2019

#### Note 8 Kundefordringar og andre fordringar

Kundefordringar er redusert med kr 75 000 til imøtegang av mulig tap.  
Andre fordringar er oppførte til pålydande verdi.

#### Note 9 Andelar i Helgatunlia Borettslag

Selskapet eig samtlige andelar i Helgatunlia Borettslag, som har fritidsleiligheiter under oppføring. Andelane vil verte selt etter kvart som leilighetene gjerast ferdig.  
Balanseført verdi av andelane er lik andelskapitalen IMS teikna seq for då burettslaget vert stifta.

#### Note 10 Bundne midlar

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) er kr 201 284.  
Dette dekkar trekkansvaret.

#### Note 11 Eigenkapitalendringar

	Annan eigenkapital	Evangeliseringsfond	Sum eigenkapital
Per 01.01.2019	7 359 455	291 088	7 650 543
Tilført ved omorganisering	45 838 340	0	45 838 340
Årets resultat	-721 711	0	-721 711
Per 31.12.2019	52 476 084	291 088	52 767 172

Indremisjonssamskipnaden omorganiserte sine ulike verksemdar til eigne aksjeselskap i 2019. Dei ulike verksemdene sine rekneskap har tidlegare vorte utarbeida separat frå Indremisjonssamskipnaden sitt eige rekneskap. Som følgje av omorganiseringa, kor dei ulike verksemdene sine egedelar og gjeld vart nytta som tingsinnskot i aksjeselskapa som er stifta, er desse verdiane no innarbeida i rekneskapet her. Tilført beløp ved omorganisering er lik balanseført verdi av aksjane i Indremisjonssamskipnaden Holding AS.

# Årsmelding for Framnes Eigedom AS 2019

Organisasjonsnummer 922 267 332

Framnes Eigedom AS har til føremål å eiga, leiga ut og forvalta eigedomen «Framnes» i Norheimsund til det beste for den kristne skulen, for på den måten å vekkja dei unge og å halda oppe eit sant kristeleg liv hjå dei på Guds ords grunn i truskap mot vedkjenninga åt den evangelisk lutherske kyrkja.

Skulen, Framnes KVGS vert driven av Indremisjonssamskipnaden og Indremisjonsforbundet med 50% kvar, og skuledrifta leiger eigedomen med bygningar av Framnes Eigedom AS.

## **Styret og tilsette**

Styre for Framnes Eigedom AS er til ei kvar tid samanfallande med styret for Indremisjonssamskipnaden, og dagleg leiar er dagleg leiar for Indremisjonssamskipnaden.

Styret Framnes Eigedom AS, har i løpet av 2019 vedteke å gje kapitaltilskot til skuledrifta etter søknad frå skulen. Det er og gjeve tilslutning til at kostnadane ved ventilasjonsbygg og ventilasjonsanlegg vert dekkta av Framnes Eigedom AS. Det er og ynskjeleg at skulen i samarbeid med revisor vurderer om deler av vedlikehaldskostnadane kan skiljast ut og dekkast av skulen.

Framnes Eigedom AS har ikkje eigne tilsette.

## **Rekneskap**

Framnes Eigedom AS sine inntekter er husleige frå Framnes KVGS og momskompensasjon. Utgiftene er i hovudsak kapitaltilskot, revisjonshonorar og juridisk bistand i tillegg til administrasjonstilskot til IMS som inneber administrasjon og rekneskapsføring for Framnes Eigedom AS.

Rekneskapen for 2019 viser eit overskot på kr. 710.615,-. Dette føreslår styret å leggja til annan eigenkapital.

Framnes Eigedom AS er balanseført til kr. 35.440.875,-.

## **Likestilling**

Styret består av 4 menn og 3 kvinner.

Stord 18.06.2020

Ole Bernar Innvær <i>Styreformann</i>	Liv Ingunn Heie Medhaug <i>Nestformann</i>	Bernt Arild Gjøvåg <i>Styremedlem</i>	Olaug Fagerheim <i>Styremedlem</i>
--	---	--	---------------------------------------

Mirjam Eide Gravdal <i>Styremedlem</i>	Oddvar Martin Torget <i>Styremedlem</i>	John Morten Espevik <i>Styremedlem</i>
---	--	---



# Framnes Eigedom AS

## Resultatrekneskap 2019

<b>Driftsinntekter</b>	<b>2019</b>
Leigeinntekt	3 440 508
Anna driftsinntekt	6 290
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>3 446 798</b>
<b>Driftskostnader</b>	
Avskrivning på driftsmiddel	656 000
Anna driftskostnad	2 159 003
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 815 003</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>631 795</b>
<b>Finansposter</b>	
Renteinntekt	79 018
Rentekostnad	198
<b>Resultat av finansposter</b>	<b>78 820</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>710 615</b>

## Balanse 2019

<b>Varige driftsmiddel</b>	<b>2019</b>
Tomter, bygninger, anna fast eiendom	22 623 639
Inventar og utstyr	2 000
Part i Vikøy Vasslag	35 000
<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>22 660 639</b>
<b>Finansielle driftsmiddel</b>	
Andre langsiktige fordringar	3 800 000
<b>Sum finansielle driftsmidler</b>	<b>3 800 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>26 460 639</b>
<b>Fordringar</b>	
Bankinnskott og kontantar	8 980 236
<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>8 980 236</b>
<b>SUM EIGEDELER</b>	<b>35 440 875</b>
<b>Innskutt eigenkapital</b>	
Aksjekapital	30 000
Overkurs	34 675 260
<b>Sum innskutt eigenkapital</b>	<b>34 705 260</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>	
Annen eigenkapital	710 615
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>710 615</b>
<b>Gjeld</b>	
Annan kortsiktig gjeld	25 000
<b>Sum gjeld</b>	<b>25 000</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>35 440 875</b>

# Årsmelding for Framnes kristne vidaregåande skule 2019

## Styret

Styret var etter vala i representantskapsmøtet sett saman slik i 2019: Svein Ludvigsen, leiar, Arne Lindekleiv, nestleiar, Jan Inge Wiig Andersen, styremedlem, Kristi Angvik Frugård, styremedlem, Kenneth Foss, styremedlem, Vidar S. Eik, 1. vara., Alvrunn Urangsæter Hagerup, 2. vara., Jostein Sandvik, 3. vara. Frå personalet har desse delteke: Andrea Hovstein Kruken, pedagogisk personale, Kjell Magne Solsvik, sørvispersonalet, Asgeir Jensen, elevrepresentant, Harald Voster rektor og sekretær for styret. Fylket har ikkje hatt nokon representant.

## Om verksemda

Framnes kristne vidaregåande skule er godkjend etter Lov om private skolar med rett til statstilskot (friskulelova). Verksemda held til ved Norheimsund i Hordaland og er eigd av Indremisjonsforbundet og Indremisjonssamskipnaden.

Dei tilsette ved Framnes gjer ein stor innsats for å nå skulen si faglege og åndelege målsetjing. Det vert drive eit medvite arbeid for å utvikle og fornye skulen si pedagogiske verksemd. Me oppmodar også eigarane og misjonsfolket om å vere med Framnes i bøn og aktivt arbeid for at Framnes kan ha ein stab som deler indremisjonen sitt åndelege og faglege skulekall.

Ein av lærarane har ansvar for at det kristne arbeidet ved skulen vert organisert på ein god måte. Elevane organiserer sjølve bønemøte kvar morgon frå klokka kvart på åttetil åtte. Her møter mellom 10 og 30 elevar, og gjerne eit par frå personalet. Skulen har også morgonsamling med andakt av personalet eller elevar. Onsdag er fast møtedag, og det møter mellom 50-100 elevar på det jamne. Ofte kjem talarane frå våre eigne rekkjer, andre gonger er det personar frå andre samanhengar som har andakten. Det er elevane som står for musikk og song, og dei tek elles del i det praktiske rundt møteoppleget saman med lærar og miljøarbeidarar. Miljøarbeidarane har også ansvaret for søndagsmøta som kan ha litt ulik form, som bønemandring eller tradisjonelt møte. Ein gong i månaden er det bibelgrupper. Om lag hundre elevar deltek. Lærarane har ein del av gruppene, men også miljøarbeidarane deltek som leiarar.

Det vert lagt ned mykje arbeid i rekruttering, både av personalet, elevane og tidlegare elevar. Hausten 2019 starta med faget Toppidrett volleyball. Me trur dette er ein sport som kan trekkje fleire elevar. Me har frå hausten 2019 styrkja rekrutteringsarbeidet med å tilsejtte ein person i 20 % stilling spesielt retta mot sosiale medium. (Me har tidlegare hatt ein person i 30 % - 40 % stilling.) I 2019 søkte i alt 239 eksterne elevar om plass ved skulen til skuleåret 2019/2020.

Me er glade for god kontakt med eigarorganisasjonane. Det er godt å møte omsorg på mange tykkjer det er flott når ein legg styremøte til skulen, når me får besøk gjennom skuleåret og når tilsette ved skulen får møte styrerepresentantane. Det styrkjer fellesskapet mellom skule og eigar.

## Rekneskap

Rekneskapa for 2019 viser inntekter på kr. 56 743 515,-. Det ordinære årsresultatet for alle avdelingane er kr. 2 978 405,-. Skuledrifta viser eit overskot på kr. 1 574 743,-. Det er her teke omsyn til gåve på kr. 2 046 120. Unnateke denne gåva er resultatet (minus) - 471 377,-. Anna drift har eit samla overskot på kr. 1 403 662,-. Gåver utgjer her kr. 48 017,-.

## Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet er godt både fysisk og sosialt. Det er registrert sjukemeldingar med legeerklæring som utgjer 1,6 %.

## Likestilling

Den kvinnelege andelen av styret er 25 %. 76 % av sørvispersonellet er kvinner, og 40 % av det pedagogiske personellet er kvinner.

## Påverknad på det ytre miljøet

Framnes ureinar ikkje det ytre miljøet.

## Vilkår for framtidig utvikling

Rekneskapen viser eit overskot for skuleverksemda, gåver iberekna. For anna verksemd er det også eit overskot. På denne bakgrunnen er det vilkår både for å drive vidare og utvikle skulen framover.

## Resultatet for 2019

Skulen sitt resultat av drifta kr. (minus) – 471 377 ver dekkja av bunden eigenkapital skuledrift. Tilleggsverksemda sitt resultat kr. 1 355 646 vert sett av til budnen eigenkapital for tilleggsverksemd. Resultatet av gåver kr. 2 094 136 vert sett av til fri eigenkapital.

## Signatur

Dato:

Svein Ludvigsen, leiar .....

Arne Lindekleiv, nestleiar .....

Jan Inge Wiig Andersen, styremedlem .....

Kenneth Foss, styremedlem .....

Kirsti Angvik Frugård, styremedlem .....

# Helgatun Fjellpensjonat as

## Årsmelding 2019

### Verksemda

Årsmeldinga for Helgatun er eit tilbakeblikk på året som er omme, men samstundes er det viktig at den og blir ein kveik for vidare satsing på denne flotte misjonsstasjonen i Myrkdalen. Det å ha eit alkoholfritt alternativ, der heile verksemda er tufta på det kristne verdigrunlaget, set svært mange gjester pris på. Mottoet vårt er: ”Ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø”. Dette er det viktig å ha fokus på i ei uroleig tid, der mange kjenner på uvisse og einsemd.

### Overnattingar

Overnattingar er den viktigaste delen av driftsgrunlaget. I 2019 hadde Helgatun 9785 overnattingar mot 9018 i 2018- eit pluss på 767 frå 2018.

Auken skuldast først og fremst utanlandske turistgrupper i sommarhalvåret.

### Bygningar/Inventar/Utstyr

I 2019 fekk Helgatun nye møblar i peisestova og resepsjonen- det har i fleire år blitt samla inn pengar til nye møblar, så veldig kjekt at desse er på plass.

Me har og fått ein flott ny sovesal, tidlegare aktivitetsrom, med 24 sengeplassar.

Det meste til sovesalen er gåver frå Bømløbedrifter, tusen takk.

Når det gjeld rommet over kjøkenet, er dette no gjort ferdig. Her har me tenkt å ha aktivitetsrom kombinert med selskapslokale, mesteparten av arbeidet har Sag & Bygg gjort. Sag & Bygg har og pussa opp to bad i kjellaren i styrarbustaden, og eit bad på hovudhuset.

### Økonomi og gåver.

Driftsresultat inklusive gåver er på 650 098

Årsresultatet er på 491 858

### Turar/Arrangement

Helgatun er med i Reisegarantifondet og kan driva som turoperatør..

Helgatuntreffet med busstur gjekk i 2019 til Gol. Det var først to gode dagar på Helgatun der Solveig Norheim/ Klaus Muff hadde bibeltimar. Så starta turen med Klaus Muff som talar og Svein Bjarne Aase som sjåfør, Jette Marie og Bjarne Steinsund var med som musikarar og songarar. Det vart ei flott oppleving med god forkynning, lun humor og gode natur- og matopplevingar. Solveig Norheim var dyktig og engasjert turleiar.

Sunnhordlandstreffet vart og ei flott oppleving med fullt hus. Svein Bjarne Aase var sjåfør. Her var det og solid forkynning av Arne Lindekleiv. Marit Lindekleiv og Kjellaug Holtermann gledde med fin song. Blåturen gjekk denne gongen til Undredal med besøk i Nord Europa si minste stavkyrkje. Solveig Norheim var leiar også på dette treffet. Me er glade og takksame for at Solveig har tatt på seg ansvaret for desse treffa, som betyr svært mykje for Helgatun og alle deltakarane.

### Brukargrupper

Det er mange ulike grupper som vitjar Helgatun. Ims har sine leirar for born og ungdom, medan Helgatun har vinterferieopphald, familieleir i palmehelga, påskeopphald, ovannemnde turar, damehelg, pusterom og juleopphald. Desse gjev mykje inspirasjon og velsigning. På desse arrangementa har me hatt god hjelp og støtte frå enkeltpersonar og familiar til program. Dette er me svært takksame for.

Helgatun har hatt besøk av konfirmantgrupper og skuleklassar. Mange flotte ungdomar som me set stor pris på å få besøk av. Ungdomsgrupper/familiesamlingar knytt til ulike organisasjonar, har Helgatun og mykje av. Dette gjev oss god kontakt med misjonsfolket, noko som me ser som svært verdifullt. Nytt av året er Helgatundag, som me hadde 2. november. Mykje folk var samla, og me fekk inn litt over 200 000kr, tusen takk! I tillegg har me hatt mange utanlandske turistar.

### Personalet

Sylvi Røssland Sørfonn slutta 1 mai og vart pensjonist. Frå 1 mai tok Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen over som nytt styrarpar, med Jorunn som dagleg leiar.

Anne Mette Norekvål slutta i si 50% stilling 1. desember.

Joanna Kudla og Marta Dworakowska har vore med oss i periodar fram til 1. september.

Roman Jacuk har vore kjøkensjef og Joanna Jacuk kjøken og reinhaldsassistent.

Ingunn Bystøl har hatt ansvar for reinhald, men har og vikariert på kjøkenet.

I tillegg har Kåre Johan Hamre vore på plass i ferien 5-6 veker.

Helgatun har med dette ein fantastisk stab som me er svært takksame for.

### Bustadtilhøve

I juni flytta Jorunn og Aksel Ingvard ut frå annekset og inn i styrbustaden. Leiligheten i annekset vart pussa opp ,og har etter dette vore mykje nytta til utleige.

Marta Dworakowska og Joanna Kudla- har brukt kjellarleiligheten i styrarbustaden i periodane dei har jobba her.

### Styret

Styret har vore slik samansett:

Brit Gjerde Voster – styreleiar, Per Ivar Kjærgård– nestleiar, John Morten Espevik- styremedlem, Anne Marie Solsvik -skrivar, Odd Inge Austevoll -styremedlem, Sondre Nesheim -Varamedlem.

### Helgatunhelsing

Helgatunhelsing kom ut med to nummer i 2019. Bladet er eit viktig organ for å halda kontakten med misjonsfolket, både som marknadsføring, informasjon om arrangement og gjevarteneste.

### Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet på Helgatun som godt. Det var ikkje alvorlege skader ellerulukker i 2019. Sjukefraværet var på 0 % i 2019.

### Ytre miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

### Helgatun Fjellpensjonat vart omdanna til AS , 1mai 2019

### Framleis drift/Utsikter framover i 2020

Årsrekneskapen for 2020 er sett opp under føresetnad om fortsatt drift.

### Likestilling

Både styret og leiinga i selskapet er bevisst på samfunnsmessige forventningar om å fremja likestilling i verksemd og styre.

I 2019 hadde selskapet 6 tilsette - 4 kvinner og 2 menn.

Styret består av 4 menn og 2 kvinner.

### Takk

Me vil retta ei hjarteleg takk til alle som står med oss i tenesta. Tusen takk for den store dugnadsinnsatsen, gåver, oppmuntring og forbøn. Me treng dykk! Saman skal me vidareutvikla Helgatun til å vera den reidskapen plassen kan vera i Guds rikes arbeid. Den oppgåva er viktigare enn noko sinne.

Me helsar med Jesaja 41,13: *Eg, Herren din Gud, held deg i høgre handa og seier til deg: Ottast ikkje, eg hjelper deg.*

Vossestrand 14.04.2020

Brit Gjerde Voster  
Styreleiar

Per Ivar Kjærgård  
Nestleiar

John Morten Espevik  
Styremedlem

Anne Marie Solsvik  
Skrivar

Odd Inge Austevoll  
Styremedlem

Sondre Nesheim  
1. varamedlem

Jorunn Fylkesnes Johannessen

Dagleg leiar

# SunnBok

## Årsmelding 2019

### 1. Aksjeeigarar

	A-aksjar:	B-Aksjer
Indremisjonssamskipnaden	245 aksjar à kr 500,-	
ImF Stord	245 aksjar à kr 500,-	

### 2. Drift

SunnBok A/S er ein kristen bokhandel som ligg i Leirvik sentrum på Stord. Vi registrerer dessverre ein nedgong i kundetala, noko som fører til at drifta går med underskot. Rekneskapen viser derimot eit overskot grunna ei justering av varelageret.

	2019	2018	2017
Fritt sal/bøker	1.205.221	1.295.868	1.124.598,61
Anna/pliktig sal	611.745	641.032	606.005

### 3. Omsetjing og resultat

	2019	2018	2017
Driftsinntekter	1.863.895	1.961.391	1749075
Driftskostnader	1.970.092	2.042.026	1754419

### 4. Føresetnad for drift er framleis til stades.

Tala for 2018 viser auke i omsetjing på ca kr. 200.000kr. Årsresultatet er likevel ca 90.000 i minus. Kundetala er alt for lave, og vi har hatt ein del arrangement for å få dei opp igjen.



Styret meiner vilkåra for vidare drift er tilstades og rekneskapen er sett opp under denne føresetnad. Men ein ser at auka utgifter og låg omsetjing er ei stor utfordring for framtida.

## 5. Styret

### Styresamansetjing:

Rune Kvilhaugsvik	styreleiar
Reidar Brevik	nestleiar
Guri Bjørnevik	styremedlem
Ingebjørg Espevik	styremedlem
Arne Bjelland	styremedlem
Ingunn Koløy	1. vara medlem

Styret har hatt 4 møter og handsama 13 saker.

Dagleg leiar har vore med på møta.

## 6. Personalet

Dagleg leiar, Silje Fyllingen er tilsett i ca 70 % stilling. Mariann E. Milje, er tilsett i ca 50% stilling. Ingrid Grimstad har vore sommarhjelp. Arbeidsmiljøet er godt, det er ikkje meldt om skader på arbeidsplassen. Selskapet si verksemd fører ikkje til forureining av det ytre miljøet. Det er ikkje nødvendig å i verksette tiltak som gjeld arbeidsmiljø og likestilling.

## 7. Økonomi

Kassakreditten er på 250.000 kr. Den vert det brukt av gjennom heile året.

Likviditeten i 2019 har vore stram.

Styrehonorar:           kr. 0

## 8. Arrangement i 2019

Vi har hatt mange arrangement i butikken. Blant anna Lesestund, forfattarkveldar, boksigneringar og plateslepp. Dette har vore veldig positivt, og dei dagane har vi sett greie omsetningstal. Så dette må vi fortsette med! I tillegg har vi vore med på mange leirar, stemner, møter, møteveker og messer. Dette gjev verdifull inntekt!

## 9. Marknadsføring

Vi har hatt annonse Sunnhordland, gulesider annonse og elles har vi satsa på facebook og instagram. Elles har vi lage Youtube-videoar og det har vore fleire avisartiklar om butikken.

## 10. Framtidsutsikter

Framtida er sær s spennande for ein liten bokhandel med kristen profil.

Butikken har eit godt utval både når det gjeld bøker og andre varer. Det er diverre dalande aktivitet i sentrum og me opplever at kundetala går nedover. Sviktande omsetning er noko styret har stort fokus på og ein har gjennomført ulike vedtak for å heve omsetninga til eit berekraftig nivå. Målet for 2019 var ei omsetning på minst 2 millioner kr. For å nå målet var me avhengige av at både nye og gamle kundar nytta bokhandelen. Dette har me dessverre ikkje fått til å tilfredsstillande vis. Dette har ulike årsaker. Blant anna er vi prisgitt kva bøker som blir gitt ut, spesielt i tida før jul. 2018 var eit sær godt år i så måte med 6 lokale bøker som var veldig populære. I 2019 kom der kun 2.

Me må be om, og jobbe for, at yngre generasjonar ser kor viktig det er å bruka dei kristne bokhandlarane og at våre faste kunder stadig viser truskap, slik at drift av dei er mogleg i åra som kjem. For å få dette til, prøver vi blant anna å fokusere på kor viktig det er å lese for borna. Me arrangerer barnas dag, har lesestund og reklamerer for barnebøker.

Styret takkar dagleg leiar og hennar medarbeidarar for god innsats også i 2019. I ein bransje i motvind er det ikkje alltid så lett å stå på, men me ser at butikken er avhengig av motiverte tilsette som kvar dag yter sitt beste for å løfte butikken opp på eit bærekraftig nivå. Sunnbok er også avhengig av å få aktivert heile den naturlege kundemassa si og skaffa seg eit solid kundegrnlag. Me ber om og trur at Gud vil velsigna arbeidet og dei som er knytt til drifta av SunnBok A/S også i framtida.

Leirvik. 23.01.2020

Rune Kvilhaugsvik

Ingunn Koløy

Ingebjørg Espevik

Reidar Brevik

Guri Bjørnevik

Arne Bjelland



# Årsregnskap 2019

## Sunnbok AS

\* Styrets årsberetning  
\* Resultatregnskap  
\* Balanse



Org.nr.: 928 178 129

# Resultatregnskap

## Sunnbok AS

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	Note	2019	2018
Salgsinntekt		1 853 927	1 958 827
Annen driftsinntekt		15 368	7 964
Sum driftsinntekter		<u>1 869 295</u>	<u>1 966 791</u>
Varekostnad		1 134 997	1 184 806
Lønnskostnad	2	573 243	569 486
Annen driftskostnad	2	261 853	287 734
Sum driftskostnader		<u>1 970 092</u>	<u>2 042 026</u>
Driftsresultat		<u>-100 797</u>	<u>-75 235</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		167	113
Annen rentekostnad		6 067	7 863
Annen finanskostnad		196	1 345
Resultat av finansposter		<u>-6 096</u>	<u>-9 095</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>-106 893</u>	<u>-84 329</u>
Ordinært resultat		<u>-106 893</u>	<u>-84 329</u>
Årsresultat	6	<u>-106 893</u>	<u>-84 329</u>
<b>Overføringer</b>			
Overført fra annen egenkapital		106 893	84 329
Sum anvendelse		<u>-106 893</u>	<u>-84 329</u>

# Balanse

## Sunnbok AS

<b>Eiendeler</b>	<b>Note</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler		5 000	5 000
Sum finansielle anleggsmidler		<u>5 000</u>	<u>5 000</u>
Sum anleggsmidler		<u>5 000</u>	<u>5 000</u>
<b>Omløpsmidler</b>			
Lager av varer		573 455	580 193
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer		8 290	11 974
Andre kortsiktige fordringer		32 929	25 145
Sum fordringer		<u>41 219</u>	<u>37 119</u>
<b>Investeringer</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	56 178	104 342
Sum omløpsmidler		<u>670 851</u>	<u>721 654</u>
Sum eiendeler		<u>675 851</u>	<u>726 654</u>

# Balanse

## Sunnbok AS

<b>Egenkapital og gjeld</b>	<b>Note</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital	5	281 000	281 000
Sum innskutt egenkapital		<u>281 000</u>	<u>281 000</u>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		28 121	135 015
Sum opptjent egenkapital		<u>28 121</u>	<u>135 015</u>
Sum egenkapital	6	<u>309 121</u>	<u>416 015</u>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		254 826	233 019
Skyldig offentlige avgifter		46 183	33 056
Annen kortsiktig gjeld		65 721	44 564
Sum kortsiktig gjeld		<u>366 730</u>	<u>310 639</u>
Sum gjeld		<u>366 730</u>	<u>310 639</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>675 851</u>	<u>726 654</u>

Stord, 23.03.2020  
Styret i Sunnbok AS

\_\_\_\_\_  
Rune Kvilhaugsvik  
styreleder

\_\_\_\_\_  
Guri Bjørnevik  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Reidar Brevik  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Arne Bjelland  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Ingebjørg Norheim Espevik  
styremedlem

## Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og NRS 8 - God regnskapsskikk for små foretak.

### Driftsinntekter

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

### Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 22 % på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode er utlignet og nettoført.

### Klassifisering og vurdering av omløpsmidler

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi.

### Varer

Varer er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

## Note 2 Lønnskostnader og ytelser, godtgjørelser til daglig leder, styret og revisor

<b>Lønnskostnader</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Lønninger	501 818	497 805
Arbeidsgiveravgift	71 125	70 546
Andre ytelser	300	1 136
<b>Sum</b>	<b>573 243</b>	<b>569 486</b>

Selskapet har i 2019 sysselsatt 1 årsverk.

### Pensjonsforpliktelser

Selskapet er ikke pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon.

<b>Ytelser til ledende personer</b>	<b>Daglig leder</b>	<b>Styret</b>
Lønn	286 496	0
<b>Sum</b>	<b>286 496</b>	<b>0</b>

### Note 3 Skatt

<b>Årets skattekostnad</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Betalbar skatt	0	0
Endring i utsatt skattefordel	0	0
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Skattepliktig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	-106 893	-84 329
Permanente forskjeller	0	0
Endring i midlertidige forskjeller	63 196	78 215
<b>Skattepliktig inntekt</b>	<b>-43 697</b>	<b>-6 114</b>
Betalbar skatt i balansen:		
Betalbar skatt på årets resultat	0	0
<b>Sum betalbar skatt i balansen</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Skatteeffekten av midlertidige forskjeller og underskudd til fremføring som har gitt opphav til utsatt skatt og utsatte skattefordeler, spesifisert på typer av midlertidige forskjeller:

	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>Endring</b>
Varebeholdning	0	63 196	63 196
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>63 196</b>	<b>63 196</b>
Akkumulert fremførbart underskudd	-438 093	-394 396	43 697
Inngår ikke i beregningen av utsatt skatt	438 093	331 200	-106 893
<b>Grunnlag for utsatt skattefordel</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Utsatt skattefordel (22 %)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

I henhold til God regnskapsskikk for små foretak balanseføres ikke utsatt skattefordel.

### Note 4 Bankinnskudd

Innestående midler på skattetrekkkonto (bundne midler) er på kr. 24 569.

### Note 5 Aksjonærer

Aksjekapitalen i Sunnbok AS pr. 31.12 består av følgende aksjeklasser:

	<b>Antall</b>	<b>Pålydende</b>	<b>Bokført</b>
A-aksjer	490	500,00	245 000
B-aksjer	72	500,00	36 000
<b>Sum</b>	<b>562</b>		<b>281 000</b>

### Eierstruktur



De største aksjonærene i % pr. 31.12 var:

	A-aksjer	B-aksjer	Sum	Eierandel
INDREMISJONSSAMSKIPNADEN	245	52	297	52,8
IMF STORD INDREMISJONSFORBUNDET	245	20	265	47,2
<b>Totalt antall aksjer</b>	<b>490</b>	<b>72</b>	<b>562</b>	<b>100,0</b>

#### Note 6 Egenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annen Innskutt egenkapital	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr. 31.12.2018	281 000	0	0	135 015	416 015
<b>Pr 01.01.2019</b>	<b>281 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>135 015</b>	<b>416 015</b>
Årets resultat				-106 893	-106 893
<b>Pr 31.12.2019</b>	<b>281 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>28 121</b>	<b>309 121</b>

# Sak 6 Val

## Framlegg frå val- og fullmaktsnemnda

### Formannskandidat:

1. Ole Bernar Innvær, Bømlo

### Styremedlemer:

1. Linda Aase, Tysnes
2. John Helge Heie, Bjørnafjorden
3. Tordis Thuestad, Kvinnherad
4. Kirsten Stokken, Fitjar
5. Ingvild Løklingholm, Stord

### Desse sit eitt år til:

John Morten Espevik, Bømlo  
Oddvar Martin Torget, Bjørnafjorden  
Mirjam Eide Gravdal, Kvam

### Varamedlemer (i alfabetisk rekkefølge):

- 1.-3. Dei som ikkje vert vald til styret
4. Randi Eiken Brekke, Fitjar
5. Ole Håland, Kvam
6. Jan Ottar Wiik, Fitjar



Det skal veljast formann, tre styremedlemer og tre varamedlemer.  
Dei som ikkje vert vald til styret går vidare til varavalet.

# Presentasjon av kandidatar til styrevalet



## Ole Bernar Innvær

53 år, Bømlo  
Teamleiar hos Wärtsilä på Rubbestadneset. Tilknyta Gilje Bedehus. Engasjert i Yngstes, Møtegruppe, Bedehusstyret. Viktig arbeid/satsing for indremisjonen er livskraftige, varme og inkluderande fellesskap, både for barn, unge og vaksne.



## Linda Aase

29 år, Tysnes  
Utdanna folkehelsearbeidar, jobbar i eiga bedrift på Tysnes. Har vore med i ungdomsarbeidet på Leirvik Bedehus. 1. vara til IMS-styret siste året. Brenn for at ungdom skal bli kjent med Jesus.



## John Helge Heie

35 år, Bjørnafjorden  
Jobbar som tømrrar på Tysnes. Er med i ein forsamling som heiter Os-fellesskapet. Er med i styret i Uggdal indremisjon.



## Tordis Thuestad

56 år, Kvinnherad  
Sjukepleiar. Har vore med i søndagsskulen, og er no med i styret i Halsnøy indremisjon. Ynskjer at alle skal ha eit godt kristent fellesskap.



## Kirsten Stokken

66 år, Fitjar  
Pensjonist. Har jobba som dagleg leder på Alværa Misjonssenter i Ytre Sogn, 25 år. Vore engasjert i søndagsskule og barneforeningsarbeid, lokalt i Sogn. Styremedlem i søndagsskulen og Israelsmisjonen i Sogn og Fjordane krets. Er no tilknyta Fitjar Indremisjon, IMF Fitjar og Fitjar Musikkforening. Er med i IMS kvinneforening, Fitjar og Osternes. Eg meiner at leirarbeid er veldig viktig, må nå barn og unge med evangeliet.



## Ingvild Løklingsholm

44 år, Stord  
Forsamlingsleiar ImF Stord. Har vore aktiv i kristent arbeid sidan eg blei frelst, brenn for at evangeliet om Jesus skal ut og at fleire må bli kjend med han. IMS er i ei omstilling og arbeider med korleis ein kan vera tidsaktuell og nå ut i ei tid som denne. Eg trivs godt med omstillingsarbeid og håpar eg kan vera med å staka ut ein god kurs for framtida til IMS.

## Kandidatar til varavalet (alfabetisk)



## Randi Eiken Brekke

42 år, Fitjar  
Utdanna førskolelærer/lærer og spesialpedagog. Jobbar som lærar. Er varamedlem i IMS-styret. Har i mange år vore aktiv i Fitjar bedehus. Særleg opptatt av barne- og ungdomsarbeid.



## Ole Håland

40 år, Kvam  
Udanna bilmekaniker/biltekniker men jobbar som vaktmeister på Framnes KVGS. Er tilknyta Norheimsund indremisjon der eg også er leder i Husa-styret. Vi har ein stor og flott forsamling som er open og inkluderande. Det synes eg er viktig. Eg er ikkje den som kjem med nye idear heile tida, men synes det er viktig å sjå muligheter og ikkje henga seg opp i «tradisjon og slik har det alltid vore».



## Jan Ottar Wiik

34 år, Fitjar  
Jordskiftedommar ved Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett. Tilknyta Fitjar bedehus og får forhåpentlegvis ein plass som varammann i IMS-styret. Barne-/ungdomsarbeid og leirarbeid er viktig å satsa på.



# Det gjeld vår framtid

Utanom ordinære årsmøtesaker, har IMS i år tre saker som skal opp til handsaming;

1


Strategi IMS.

2

Prosess saman med kretsane i ImF

3

Lovendring IMS



1

Strategi IMS

Dette punktet kan du lesa meir om på side 20-21.

2

Prosess saman med dei andre kretsane i ImF

(IMS er ein av ti kretsar tilslutta ImF)

I 2019 har det i ulike fora vore samtaletema omkring korleis organiseringa i kretsane kan sjå ut for best å utnytte ressursane våre. Vinteren 2019 vart det også sendt ut spørreskjema til alle lag, foreiningar og forsamlingar i ImF/IMS der det mellom anna vart spurt: «Kva treng de oss til i dag?». I kretsårsmøte, ImF sitt misjonsråd, råds- møte og GF er dette, og fleire spørsmål, blitt debattert. Under GF i november vart følgjande vedteke:

Generalforsamlinga bed alle kretsar i ImF om å gå inn i ein forpliktande prosess saman med ImF sentralt, der ein dei neste åra kan arbeida saman for å finna fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur for å nå lengst mogleg med vårt misjonsoppdrag.

Me har fått skissert korleis dette vidare kan sjå ut:

- Alle kretsar opprettar ei gruppe på 4-8 personar som skal møta dei andre kretsane til læringsfellesskap tre gonger i løpet av to år. Mellom møta arbeider kvar kretsgruppe med prioriteringsplanen sin. Gruppa vert også følgt opp av vegleiar frå ImF.

- Kretsgruppene skal ha mandat og mynde til å gå inn i denne prosessen på vegne av kretsårsmøtet og kretsstyret. Det er difor viktig at me samtalar om dette under utsendingsmøtet, og vedtek vidare veg.

Så er det viktig å få med målet for prosessen: å få ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur for å nå lengst mogleg med vårt misjonsoppdrag. Der framme ynskjer me å sjå dette, formulert slik av ImF:

**Vi ser ei rørsle av unge og eldre som saman veks og modnast som Jesu disiplar, formar nye fellesskap og forsamlingar, misjonerer i Noreg ved å dela evangeliet i ord og praktisk kvardagsdiakoni.**

**Me ser tusenvis av familiar som frimodig deler trua på heimebane og når ut til barn og unge i sitt nærmiljø.**

3

Lovendring IMS

Sidan hausten 2019 har IMS-styret arbeidd med å revidera lovene til IMS. Lovene vart sist endra i 2008. Det er ikkje dei heilt store endringane, men me har valt å bruka god tid på dette arbeidet når me først reviderer, slik at dei kan halda i lang tid framover. På 12 år har det skjedd endringar som me ikkje visste om då lovene sist vart endra, t.d.:

- I 2009 vart eit reklamebyrå engasjert for å hjelpa oss med ny logo. Det var då den nye logoen til IMS kom. Sidan den tid har det også vore eit mål å bygga identitet til IMS, og nytta det som forkorting i staden for «Samskipnaden». Dette bør også få følgje for kva namn som vert nytta i lova.

- Det vart oppretta Hyrderåd i IMS i 2013, no kalla lære- og tilsynsråd. Då er det også naturleg at det er med ein paragraf om det i lovene.

- Det er elles fleire mindre endringar. Ein av endringane er at årsmøtet ikkje lenger skal velja barne- og ungdomsråd. Det er fleire år sidan IMS har hatt eit slikt råd. Det er forslag og ynskje frå Ung-avdelinga at det i staden vert oppretta eit leirteam som skal arbeida med å gjennomføra og utvikla leirarbeidet, i tillegg til eit nytt Ung-råd med ny instruks. Hovudfokuset i Ung-rådet vil vera inn mot det lokale arbeidet. Medlemmane i rådet vert utnemnd av IMS-styret, etter forslag frå Ung-avdelinga.

Lovendringsforslag vert lagt ut på nettsida, og sendt utsendingar når det er klart. Enno vil me ha ein runde og to før IMS-styret seier seg i mål, og sender endringsfor- slaget vidare til utsendingsmøtet.

# 2020-2025 IMS I TIDA FRAMOVER

Kor vil me med arbeidet vårt? Dette er eit viktig spørsmål å stilla med jamne mellomrom og kontinuerleg ha med i arbeidet vårt. Det er tre år sidan IMS sist hadde strategiplan og satsingsområde oppe under årsmøte. Planen skulle gjelda i to år, men under styremøte i fjor vart planen vidareført eitt år til. No er det ikkje slik at me plutselig skal gjera alt nytt, sjølv om me har utarbeida ny plan. Gjennom mykje av arbeidet IMS driv, og også har starta dei siste åra, er det eit ynskje å vidareutvikla og fortsetja det gode arbeidet IMS driv.

Arbeidsgruppa denne gongen har vore Celius Eidesvik, Liv Ingunn Heie Medhaug, Johannes Olsen og Marit Hårklau Ådnanes. Planen er kome fram på grunnlag av viktige samtalar i fleire fora; gruppesamtale under årsmøtet i fjor, undersøking frå ImF/IMS og fleire stabs- og styremøte.

Sjølv om kjenneteikna for 2025 er konkrete, seier dei ikkje så mykje om korleis dette skal skje. Kwart år skal IMS utarbeida eittårsplanar. Gjennom felles mål, verdiar og innsats, kan planen hjelpe oss fram mot måla i 2025.

Planen har vore ute til høyring hos enkeltpersonar, men ikkje i så stor skala som me skulle ynskja. No håpar me at du vil samtala om planen i din samanheng, og at representant tar tankane med til utsendingsmøtet, der planen skal diskuterast. Det går også an å senda innspel til [post@indremisjonen.no](mailto:post@indremisjonen.no) i forkant.

## FORMÅL

Fremja Guds rike  
og halda oppe  
eit livskraftig  
indremisjonsarbeid

## VISJON

Me vil byggja varme,  
inkluderande fellesskap,  
vinna nye for Jesus  
og gjera dei til hans disiplar

## VERDIAR

### Påliteleg

Bibelen er Guds Ord, og er ei påliteleg, autoritativ og inspirerande kjelde for eige trusliv, opplæring, formidling og teneste. Som Jesu etterfylgjarar er me til å stola på i ord og handling.

### Hjartevarm

Å vera hjartevarm er å syna nestekjærleik. I våre fellesskap opplever den enkelte seg trygg, inkludert, sett og møtt som eit heilt menneske.

### Utrustande

Gjennom livskraftig indremisjon skal arbeidet leva vidare og utviklast. Me utrustar difor til teneste, og får fram det beste i medarbeidarane rundt oss.

### Misjonar

Som menneske og kristne er me alle deltakarar i Guds misjon. Fellesskapa og samlingane er slik at dei når ut til nabolaga våre.

# UTVIKLINGSOMRÅDE

## FELLESSKAPSVEKST

### FORMÅL

Saman med lokalt leiarskap ynskjer IMS å vera pådrivar for vekst og utvikling i lokale fellesskap, samt styrkja dei truande. Vekst kan skje på ulike måtar. Fleire stader trengs det nye kristne fellesskap, mindre eller større, for å nå nye grupper menneske. Eksisterande fellesskap har dessutan stort potensiale i å veksa og tiltrekka seg nye menneske.

Opp, inn og ut-fokus er viktig for å vera sunne, både som enkeltmenneske og i fellesskapet. Me ynskjer å vera Ordet nær og menneske nær.

### KJENNETEIKN 2025

NaMu og Futurum er kjent som nyttige verktøy for sunne og veksande fellesskap, og minst 10 nyttar dette.

Oppstart av 50 livsnære grupper, drivne lokalt, som har kultur for å multiplisera seg. IMS har oversikt over aktuelle bibelopplegg, og tilbod om oppfølging av gruppeleiarar.

Større fellesskap er i ei nettverksordning der dei er ressurs for mindre fellesskap. Dei har fokus på å reprodusera seg sjølv,- altså bli til nye fellesskap.

Kvart lag, foreining og forsamling skal minst to gonger i året få besøk og oppfølging av IMS.

## LEIR

### FORMÅL

IMS ynskjer å løfta leiararbeidet med mål om at fleire skal bli betre kjent med Jesus og finna nye kristne vener på leir.

Leir skal fremja nettverksbygging mellom lokale bygder, og skal i tillegg styrkja relasjonen til både Jesus og kvarandre.

Leiararbeidet skal vere ein stad der både leiarar og deltakarar kan utvikla seg.

### KJENNETEIKN 2025

Gode leiartreningsressursar som kan nyttast av leirleiarar er tilgjengeleg.

Minst 2 av leirane vert drivne av lokale lag.

Planar, malar, marknadsføring og HMS er oppdatert og fungerer.

5 av leirane er fullteikna.

Det er utarbeida ein opplæringsplan for kva leirane i dei ulike alderstrinna skal innehalda.

## LEIARTRENING

### FORMÅL

For at evangeliet skal spreia seg og arbeidet utvikla seg, trengs det stadig nye leiarar. Me ynskjer å leggja til rette for at leiarane våre får utvikla både kompetanse og karakter.

Me vil rekruttera nye leiarar gjennom å få ein lærlingekultur, og at fleire vert utrusta til teneste.

### KJENNETEIKN 2025

Minst 30 personar har vore gjennom aktuelt leiartreningsopplegg som Fundament eller Ung:leder, og 10 personar på M4Ready.

Leiartreningsleiren er fullteikna.

Konfirmantkull blir utrusta til å leva med Jesus.

Alle tilsette har nokon dei lærer opp, og det er ein lærlingekultur som har breidd seg lokalt.

Alle lokale leiarar har minst ein stad der dei kan utvikla seg som leiarar, for eksempel leiarkonferanse, ressursgrupper, lokale leiarsamlingar eller kurs i utrustande leiarskap.

<p>Lov frå 2008</p> <p><b>§ 1. Skipnad</b>  Indremisjonssamskipnaden er dei lag, foreiningar, forsamlingar og kyrkjelydar som er innmelde i organisasjonen, og som vert drivne i samsvar med § 2 og 3.</p> <p><b>§ 2. Grunnlag</b>  Indremisjonssamskipnaden byggjer arbeidet sitt på Bibelen som Guds ord og den evangelisk-lutherske vedkjenninga.  På dette grunnlaget driv Samskipnaden alt arbeidet sitt og kallar og sender ut arbeidarane sine.</p> <p><b>§ 3. Føremål</b>  a. Samskipnaden har til føremål å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For å nå dette føremålet vil ein til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.  b. Samskipnaden vil arbeida saman med Indremisjonsforbundet sentralt og dei innmelde (krinsane)einingane for å styrkja indremisjonen sitt kallsoppdrag i folket vårt.  c. Samskipnaden vil òg verkeleggjera det ideelle føremålet gjennom eigne sjølvstendige einingar, slik som Brandøy, Helgatun, Framnes KVS og barnehagar. All slik verksemd skal byggjast på ikkje-kommersiell (non-profit) basis og mellom anna omfatta utrusting av menneske til arbeid i Guds rike.  d. Samskipnaden vil senda ut løna eller uløna arbeidarar med godt vitnemål frå andre truande til å forkynna Guds ord. Ein vil vidare gi ut "Indremisjonsvenen", spreia kristen litteratur, driva diakonalt arbeid og stø det kristne skulelagsarbeidet, kristent mediearbeid, kristent fråhaldsarbeid, søndagsskule og ytemisjon.  e. Samskipnaden vil i alt sitt arbeid leggja vinn på å ha eit godt tilhøve til andre organisasjonar og arbeidslag.</p> <p><b>§ 4. Status</b>  Samskipnaden er ein sjølveigande og ikkje-kommersiell (non-profit) organisasjon med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Samskipnaden er tilslutta ImF.  b. Samskipnaden er ei samanslutning av:  - lokale indremisjonsforeiningar, lag og kontaktar  - forsamlingar og kyrkjelydar  - enkeltpersonar frå stader der det ikkje er foreining og som er samde i § 2 og 3. Opptak av nye medlemmer skal godkjennast av Samskipnadstyret.</p> <p><b>§ 5. Årsmøtet</b>  Årsmøtet er øvste organet i Samskipnaden. Det vert halde kvart år i juni månad etter nærare vedtak i styret.  a. Tale- og røysterett på årsmøtet har:  - utsendingar frå indremisjonsforeiningar, lag forsamlingar og kyrkjelydar som står tilslutta Samskipnaden. Foreiningar med inntil 50 medlemmer kan senda to utsendingar. Foreiningar med meir enn 50 medlemmer kan senda ein utsending meir for kvart påbyrja nytt femtital. Likevel kan ingen senda meir enn 6 utsendingar.  - Yngres og yngsteslag, barnelag, ungdomslag, kor o.l. kan senda to av leiarane.  - Stader med kontaktperson kan senda ein utsending.  - Samskipnadstyret.  - Barne- og ungdomsrådet.  Utsendingane må ha fullmakt frå formannen i laget dei kjem frå.  - Framnes kan møta med rektor og to personar vald av personalet.</p>	<p>Forslag til ny lov for Indremisjonssamskipnaden</p> <p><b>§ 1. Skipnad</b>  Indremisjonssamskipnaden (IMS) er dei lag, foreiningar, forsamlingar og kyrkjelydar som er innmelde i organisasjonen, og som vert drivne i samsvar med § 2 og 3.</p> <p><b>§ 2. Grunnlag</b>  <b>IMS</b> byggjer arbeidet sitt på Bibelen som Guds ord og den evangelisk-lutherske vedkjenninga.  På dette grunnlaget driv <b>IMS</b> alt arbeidet sitt og kallar og sender ut arbeidarane sine.</p> <p><b>§ 3. Føremål</b>  a. <b>IMS</b> har til føremål å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For å nå dette føremålet vil ein til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.  b. <b>IMS</b> vil arbeida saman med Indremisjonsforbundet (ImF) sentralt og dei innmelde einingane (krinsane) for å styrkja indremisjonen sitt kallsoppdrag i folket vårt.  c. <b>IMS</b> vil òg verkeleggjera det ideelle føremålet gjennom eigne sjølvstendige einingar, slik som <b>Brandøy Misjons- og konferansesenter AS (Brandøy), Helgatun Fjellpensjonat AS (Helgatun), SunnBok AS og Framnes KVGs</b>. All slik verksemd skal byggjast på ikkje-kommersiell (non-profit) basis og mellom anna omfatta utrusting av menneske til arbeid i Guds rike.  d. <b>IMS</b> vil senda ut løna eller uløna arbeidarar med godt vitnemål frå andre truande til å forkynna Guds ord. <b>Ein vil vidare gi ut "Indremisjonsvenen", spreia kristen litteratur, driva diakonalt arbeid og stø det kristne skulelagsarbeidet, kristent mediearbeid, kristent fråhaldsarbeid, søndagsskule og ytemisjon.</b>  e. <b>IMS</b> vil i alt sitt arbeid leggja vinn på å ha eit godt tilhøve til andre organisasjonar og arbeidslag.</p> <p><b>§ 4. Status</b>  a. <b>IMS</b> er ein sjølveigande og ikkje-kommersiell (non-profit) organisasjon med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. <b>IMS</b> er tilslutta ImF.  b. <b>IMS</b> er ei samanslutning av:  - lokale indremisjonsforeiningar, lag og kontaktar  - forsamlingar og kyrkjelydar  - enkeltpersonar frå stader der det ikkje er foreining og som er samde i § 2 og 3. Opptak av nye medlemmer skal godkjennast av <b>IMS-styret</b>.</p> <p><b>§ 5. Årsmøtet</b>  Årsmøtet er øvste organet i <b>IMS</b>. Det vert halde kvart år i juni månad etter nærare vedtak i styret.  a. Tale- og røysterett på årsmøtet har:  - utsendingar frå indremisjonsforeiningar, lag forsamlingar og kyrkjelydar som står tilslutta <b>IMS</b>. Foreiningar med inntil 50 medlemmer kan senda <b>tre</b> utsendingar. Foreiningar med meir enn 50 medlemmer kan senda ein utsending meir for kvart påbyrja nytt femtital. Likevel kan ingen senda meir enn 6 utsendingar.  - Yngres og yngsteslag, barnelag, ungdomslag, kor o.l. kan senda to av leiarane.  - Stader med kontaktperson kan senda ein utsending.  - <b>IMS-styret.</b>  - <b>Medlemene i UNG-rådet.</b>  Utsendingane må ha fullmakt frå formannen i laget dei kjem frå. <b>Ingen utsendingar kan ha meir enn ei stemme.</b>  - Framnes <b>KVGs</b> kan møta med rektor og to personar vald av personalet.</p>
--	---

<p>- Helgatun og Brandøy møter med dagleg leiar og ein utsending frå kvart styre.</p> <p>- Fast tilsette og pensjonerte arbeidrar har talerett og røysterett.</p> <p>Formannen skriv ut fullmakt til desse.</p> <p>- Styret for Indremisjonsforbundet kan senda ein utsending som har talerett, men ikkje røysterett.</p> <p>b. For å kunna røysta på årsmøtet må ein vera fylt 15 år. Samskipnadsstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld styret sine disposisjonar.</p> <p>c. Årsmøtet handsamar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- styret si årsmelding</li> <li>- revidert årsrekneskap</li> <li>- lovendingar</li> <li>- andre saker som styret eller medlemene legg fram.</li> </ul> <p>Jamfør punkt h.</p> <p>d. Årsmøtet vel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- formann, styremedlemer og varamedlemer til styret</li> <li>- Barne- og ungdomsnemnd (råd)</li> <li>- valkomité</li> <li>- revisor</li> </ul> <p>e. Årsmøtet gjer vedtaka med simpelt fleirtal. Lovendingar krev 2/3 fleirtal.</p> <p>f. Framlegg til valkomité vert gjort av Samskipnadsstyret. Til dei andre vala set valkomiteen opp kandidatar.</p> <p>h. Vil nokon ha ei sak fram for årsmøtet, må den vera send til Samskipnadsstyret seinast tre månader før årsmøtet skal haldast. Berre styret og lag som er innmelde i Samskipnaden, kan koma med forslag til lovendingar. Styret skal senda ut lovendringsframlegg til lokallaga minst ein måned før årsmøtet.</p> <p>i. Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst 2/3 av medlemene i Samskipnadsstyret eller 1/3 av foreiningane ber om det.</p>	<p>- Helgatun, Brandøy og SunnBok møter med dagleg leiar og ein utsending frå kvart styre.</p> <p>- Fast tilsette og pensjonerte arbeidrar har talerett og røysterett. Formannen skriv ut fullmakt til desse.</p> <p>- Styret for ImF kan senda ein utsending som har talerett, men ikkje røysterett.</p> <p>b. For å kunna røysta på årsmøtet må ein vera fylt 15 år. IMS-styret har ikkje røysterett i saker som gjeld styret sine disposisjonar.</p> <p>c. Årsmøtet handsamar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- styret si årsmelding</li> <li>- revidert årsrekneskap</li> <li>- lovendingar</li> <li>- andre saker som styret eller medlemene legg fram.</li> </ul> <p>Jamfør punkt h.</p> <p>d. Årsmøtet vel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- leiar, styremedlemer og varamedlemer til IMS-styret</li> <li>- valnemnd</li> <li>- revisor</li> </ul> <p>e. Årsmøtet gjer vedtaka med simpelt fleirtal. Lovendingar krev 2/3 fleirtal.</p> <p>f. Framlegg til valkomité vert gjort av IMS-styret. Til dei andre vala (j.fr. pkt. d.) set valkomiteen opp kandidatar.</p> <p>h. Vil nokon ha ei sak fram for årsmøtet, må den vera send til IMS-styret seinast tre månader før årsmøtet skal haldast. Berre styret og lag som er innmelde i IMS, kan koma med forslag til lovendingar. Styret skal senda ut lovendringsframlegg til lokallaga minst ein måned før årsmøtet.</p> <p>i. Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst 2/3 av medlemene i IMS-styret eller 1/3 av foreiningane ber om det.</p> <p>j. Protokoll frå årsmøtet skal sendast til lokalforeiningane og ImF.</p>
<p><b>§ 6. Samskipnadsstyret</b></p> <p>a. Samskipnaden vert leia av eit styre på sju medlemer, som vert valde av årsmøtet. Årsmøtet vel formann for eit år. Dei andre seks vert valde for to år, slik at det kvart år går ut tre. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret meir enn åtte år i samanheng.</p> <p>b. Årsmøtet vel tre varamedlemer for eitt år. Styret vel seg imellom nestformann for eitt år. Første varamedlem møter fast til styret. Styret er vedtaksført når minst fem medlemer er til stades.</p> <p>c. Dagleg leiar møter i styret med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett.</p> <p>d. Samskipnaden har møte når formannen i samråd med dagleg leiar kallar inn til det, eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.</p> <p>e. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.</p>	<p><b>§ 6. IMS-styret</b></p> <p>a. IMS-styret er krinsen si høgste mynde mellom årsmøta.</p> <p>b. IMS vert leia av eit styre på sju medlemer, som vert valde av årsmøtet. Årsmøtet vel leiar for eit år. Dei andre seks vert valde for to år, slik at det kvart år går ut tre. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret meir enn åtte år i samanheng.</p> <p>c. Årsmøtet vel tre varamedlemer for eitt år. Styret vel seg imellom nestleiar for eitt år. Første varamedlem møter fast til styret. Styret er vedtaksført når minst fem medlemer er til stades.</p> <p>d. Dagleg leiar, samt ein annan person oppnemnd som sekretær for møtet, møter i styret med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett.</p> <p>e. IMS har møte når styreleiar i samråd med dagleg leiar kallar inn til det, eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.</p> <p>f. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.</p>
<p><b>§ 7. Samskipnadsstyret sine oppgåver</b></p> <p>a. Samskipnadsstyret står for den verksemda Samskipnaden driv og syter for at verksemda er i samsvar med denne lova.</p> <p>b. Det kjem med tilråding i alle saker som skal fram for årsmøtet, og set i verk dei vedtaka som årsmøtet gjer.</p> <p>c. Det forvaltar og fører kontroll med økonomien og eigedommane åt Samskipnaden. Større økonomiske saker må leggjast fram for årsmøtet til avgjerd. Styret bind Samskipnaden rettsleg.</p> <p>d. Samskipnadsstyret vel 5 medlemer med varamedlemer til representantskapet for Framnes, styret for Brandøy og Helgatun, utsendingar til</p>	<p><b>§ 7. IMS-styret sine oppgåver</b></p> <p>a. IMS-styret står for den verksemda IMS driv og syter for at verksemda er i samsvar med denne lova.</p> <p>b. Det kjem med tilråding i alle saker som skal fram for årsmøtet, og set i verk dei vedtaka som årsmøtet gjer.</p> <p>c. Det forvaltar og fører kontroll med økonomien og eigedommane åt IMS. Større økonomiske saker må leggjast fram for årsmøtet til avgjerd. Styret bind IMS rettsleg.</p> <p>d. IMS-styret vel 5 medlemer med varamedlemer til representantskapet for Framnes KVGs, styre for Brandøy Misjons- og konferansesenter AS og Helgatun</p>



<p>generalforsamlinga i SunnBok, andre nemnder, styre og råd.</p> <p>e. Det er forstandarskap for Helgatun, jfr. § 3 i lov for Helgatun.</p> <p>f. Styret kallar og tilset dagleg leiar, forkynnarar og andre arbeidrar og fastset løns- og arbeidsvilkår for desse. Styret rådfører seg med ImF-styret før kall av dagleg leiar.</p> <p>g. Styret kallar inn til årsmøte og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette.</p>	<p><b>Fjellpensjonat AS</b>, utsendingar til generalforsamlinga i SunnBok AS, andre nemnder, styre og råd.</p> <p>e. <b>IMS-styret er generalforsamling for: Helgatun Fjellpensjonat AS, Brandøy Misjons- og Konferansesenter AS, Framnes Eigedom AS</b></p> <p>f. <b>IMS-styret</b> kallar og tilset dagleg leiar, forkynnarar og andre arbeidrar og fastset løns- og arbeidsvilkår for desse. <b>IMS-styret</b> rådfører seg med ImF-styret før kall av dagleg leiar.</p> <p>g. Styret kallar inn til årsmøte og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette.</p> <p><b>h. Innkalling til årsmøtet skal skje seinast ein månad før årsmøtet skal haldast.</b></p>
<p><b>§ 8. Lojalitet i lære og liv</b></p> <p>Alle tilsette, tillitsvalde og andre uløna medarbeidarar må leva i samsvar med kristen etikk og syna aktiv lojalitet mot Samskipnaden sin eigenart og gjeldande retningslinjer.</p> <p>Tilsette med leiar-, informasjons- og forkynnaroppgåver, alle tillitsvalde i styret, lokale einingar og andre som er sette til å representera organisasjonen offentleg, må leva og læra i samsvar med Samskipnaden sitt grunnlag (jamfør § 1).</p>	<p><b>§ 8. Lojalitet i lære og liv</b></p> <p>Alle tilsette, tillitsvalde og andre uløna medarbeidarar må leva i samsvar med kristen etikk og syna aktiv lojalitet mot <b>IMS</b> sin eigenart og gjeldande retningslinjer. Tilsette med leiar-, informasjons- og forkynnaroppgåver, alle tillitsvalde i styret, lokale einingar og andre som er sette til å representera organisasjonen offentleg, må leva og læra i samsvar med <b>IMS</b> sitt grunnlag (jamfør § 1).</p>
<p><b>§ 9. Lokale indremisjonsforeiningar</b></p> <p>a. Alle indremisjonsforeiningar, lag, forsamlingar og kyrkjelydar som høyrer til Samskipnaden, må drivast i samsvar med føremålet, slik det er uttrykt i § 2 og 3 b.</p> <p>b. Desse skal støtta Samskipnaden så langt dei kan, både med økonomiske midlar og på annan måte, så dei saman kan nå føremålet.</p> <p>c. Lagsmedlemer er dei som melder seg inn i eitt av laga, går inn for føremålet (§ 2), lever eit kristeleg liv og betaler den årskontingenten som årsmøtet for laget vedtek. Lever eit lagsmedlem eit ukristeleg liv eller arbeider for ei lære som ikkje er i samsvar med den evangelisk-lutherske, skal styret i lokallaget gje rettleiing på bibelsk grunn (Matt.18,15-18). Hjelper ikkje dette, kan vedkomande ikkje lenger vera medlem av laget.</p>	<p><b>§ 9. Lag tilslutta IMS</b></p> <p>a. Alle indremisjonsforeiningar, lag, forsamlingar og kyrkjelydar som høyrer til <b>IMS</b>, må drivast i samsvar med føremålet, slik det er uttrykt i § 2 og 3 b.</p> <p>b. Desse skal støtta <b>IMS</b> så langt dei kan, både med økonomiske midlar og på annan måte, så dei saman kan nå føremålet.</p> <p>c. Lagsmedlemer er dei som melder seg inn i eitt av laga, går inn for føremålet (§ 2), lever eit kristeleg liv og betaler den årskontingenten som årsmøtet for laget vedtek. Lever eit lagsmedlem eit ukristeleg liv eller arbeider for ei lære som ikkje er i samsvar med den evangelisk-lutherske, skal styret i lokallaget gje rettleiing på bibelsk grunn (Matt.18,15-18). Hjelper ikkje dette, kan vedkomande ikkje lenger vera medlem av laget.</p>
<p><b>§ 10. Usemje</b></p> <p>Vert det usemje i eit indremisjonslag om bruken av bedehuset i bygda eller om andre saker, t.d. korleis einskilde punkt i denne lova er å forstå, må saka leggast fram for Samskipnadsstyret.</p>	
<p><b>§ 11. Oppløysing, fusjon eller fisjon</b></p> <p>a. Skal Indremisjonssamskipnaden oppløysast, må dette handsamast av ordinært årsmøte og verta vedteke med 2/3 fleirtal. Deretter må det kallast inn til ekstraordinært årsmøte innan tre månader, og vedtaket om oppløysing må her verta teke opp att med 2/3 fleirtal.</p> <p>b. Etter at gyldig vedtak om oppløysing er gjort, vel årsmøtet eit avviklingsstyre som skal stå for avviklinga. Samskipnadsstyret kan veljast til avviklingsstyre.</p> <p>c. Samanslutning (fusjon) eller deling (fisjon) vert ikkje sett på som oppløysing. Vedtak om samanslutning/deling og naudsynt lovendring knytt til dette vert gjort i samsvar med vedtektene om lovendring (§ 12). Styret skal i denne samanhengen leggja fram ein plan for samanslutning/deling som årsmøtet kan røysta over. Ved samanslutning eller deling må det hentast inn samtykke frå Samskipnaden sine kreditorar.</p>	<p><b>§ 10. Oppløysing, fusjon eller fisjon</b></p> <p>a. Skal <b>IMS</b> oppløysast, må dette handsamast av ordinært årsmøte og verta vedteke med 2/3 fleirtal. Deretter må det kallast inn til ekstraordinært årsmøte innan tre månader, og vedtaket om oppløysing må her verta teke opp att med 2/3 fleirtal.</p> <p>b. Etter at gyldig vedtak om oppløysing er gjort, vel årsmøtet eit avviklingsstyre som skal stå for avviklinga. <b>IMS-styret</b> kan veljast til avviklingsstyre.</p> <p>c. Samanslutning (fusjon) eller deling (fisjon) vert ikkje sett på som oppløysing. Vedtak om samanslutning/deling og naudsynt lovendring knytt til dette vert gjort i samsvar med vedtektene om lovendring (§ 11). Styret skal i denne samanhengen leggja fram ein plan for samanslutning/deling som årsmøtet kan røysta over. Ved samanslutning eller deling må det hentast inn samtykke frå <b>IMS</b> sine kreditorar.</p>
<p><b>§ 12. Lovendring</b></p> <p>Årsmøtet i Samskipnaden kan endra denne lova med 2/3 fleirtal. Sjå § 4 b.</p> <p> §§ 2 og 3 a kan ikkje endrast.</p>	<p><b>§ 11. Lovendring</b></p> <p>Årsmøtet i <b>IMS</b> kan endra denne lova med 2/3 fleirtal. Sjå § 4 b.</p> <p> §§ 2 og 3 a kan ikkje endrast.</p>